



# Prop. 1 S

(2017–2018)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

---

**FOR BUDSJETTÅRET 2018**

## Svalbardbudsjettet



# Innhold

<b>Del I</b>	<b>Innleiing .....</b>	<b>7</b>	<b>5</b>	<b>Oversikt over forslag til løyvingar på svalbard- budsjettet for 2018 .....</b>	<b>33</b>
<b>1</b>	<b>Innleiing .....</b>	<b>9</b>			
1.1	Generelt om Svalbard .....	9			
1.2	Bakgrunnen for eit eige svalbardbudsjett .....	9			
<b>2</b>	<b>Mål for norsk svalbard- politikk .....</b>	<b>11</b>			
2.1	Overordna mål .....	11			
2.2	Justis- og beredskaps- departementets mål for polar- politikken .....	11			
2.2.1	Justis- og beredskaps- departementets mål 1: Styrke samhandlinga i beredskap og krisehandtering .....	11			
2.2.2	Justis- og beredskaps- departementets mål 2: Styrke samordninga og koordineringa av norsk polarpolitikk .....	14			
2.2.3	Justis- og beredskaps- departementets mål 3: Vidareutvikle lokalsamfunnet i Longyearbyen .....	15			
<b>3</b>	<b>Forslag til svalbardbudsjett for 2018 .....</b>	<b>20</b>			
<b>4</b>	<b>Forslag til løyvingar til svalbardformål frå andre departement over stats- budsjettet (jf. vedlegg 1) .....</b>	<b>21</b>			
4.1	Klima- og miljødepartementet .....	21			
4.2	Nærings- og fiskeridepartementet .....	23			
4.3	Kunnskapsdepartementet .....	25			
4.4	Finansdepartementet .....	27			
4.5	Samferdselsdepartementet .....	28			
4.6	Barne- og likestillings- departementet .....	28			
4.7	Helse- og omsorgs- departementet .....	29			
4.8	Kommunal- og moderniserings- departementet .....	30			
4.9	Kulturdepartementet .....	30			
4.10	Olje- og energidepartement .....	31			
4.11	Landbruks- og matdepartementet .....	32			
			<b>Del II</b>	<b>Dei enkelte utgifts- og inntektskapitla .....</b>	<b>35</b>
				Kap. 0001 Tilskot til Svalbard kyrkje .....	37
				Kap. 0003 Tilskot til Longyearbyen lokalstyre .....	37
				Kap. 0004 Tilskot til Svalbard museum .....	37
				Kap. 0005 Sysselmannen (jf. kap. 3005) .....	38
				Kap. 3005 Sysselmannen (jf. kap. 0005) .....	38
				Kap. 0006 Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 3006) .....	39
				Kap. 3006 Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 0006) .....	39
				Kap. 0007 Tilfeldige utgifter .....	40
				Kap. 0009 Kulturminnetiltak (jf. kap. 3009) .....	40
				Kap. 3009 Kulturminnetiltak (jf. kap. 0009) .....	40
				Kap. 0011 Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard .....	41
				Kap. 0017 Refusjon til Norsk Polarinstitutt .....	41
				Kap. 0018 Navigasjonsinnretningar .....	41
				Kap. 0019 Statens bygningar på Bjørnøya og Hopen .....	42
				Kap. 0020 Statsbygg Svalbard (jf. kap. 3020) .....	42
				Kap. 0022 Skattekontoret, Svalbard (jf. kap. 3022) .....	42
				Kap. 3022 Skattekontoret, Svalbard (jf. kap. 0022) .....	43
				Kap. 3030 Skattar og avgifter .....	43
				Kap. 3035 Tilskot frå statsbudsjettet .....	44
				<b>Forslag til vedtak om løyving av utgifter og inntekter for administrasjonen av Svalbard for budsjetterminen 2018 .....</b>	<b>46</b>
				<b>Forslag til vedtak om formues- og inntektsskatt til Svalbard for inntektsåret 2018 .....</b>	<b>48</b>
				<b>Forslag til vedtak om bestillings- fullmakt for budsjetterminen 2018 .....</b>	<b>49</b>
				<b>Forslag til vedtak om meirinntekts- fullmakt for budsjetterminen 2018 .....</b>	<b>49</b>

<b>Forslag til vedtak om meirinntektsfullmakt for budsjetterminen 2018 .....</b>	50	<b>Vedlegg 2</b>	
		Oversikt over forslag til inntekter til Svalbard som inngår i statsbudsjettet for 2018 .....	53
<b>Forslag til vedtak om avgift av kol som blir utført frå Svalbard for budsjetterminen 2018 .....</b>	50	<b>Vedlegg 3</b>	
		Kart over Svalbard .....	54
<b>Vedlegg 1</b>			
Oversikt over forslag til utgifter på Svalbard som blir dekta på statsbudsjettet for 2018 .....	51		



DET KONGELEGE  
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

# Prop. 1 S

(2017–2018)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

---

**FOR BUDSJETTÅRET 2018**

## Svalbardbudsjettet

*Tilråding fra Justis- og beredskapsdepartementet 22. september 2017,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*



*Del I*  
*Innleiing*



# 1 Innleiing

## 1.1 Generelt om Svalbard

Svalbard omfattar Spitsbergen, Prins Karls Forland, Nordaustlandet, Kong Karls Land, Barentsøya, Edgeøya, Hopen, Bjørnøya og alle holmar og skjer innanfor koordinatane 10° og 35° austleg lengde og 74° og 81° nordleg breidd. Svalbard har eit landareal på 61 022 km<sup>2</sup> og utgjer ca. 16 pst. av Kongeriket Noregs totale landareal. Spitsbergen er den største øya i Noreg og er omrent på størrelse med fylka Nordland og Troms til saman. Rundt 60 pst. av øygruppa er dekt av isbrear og under ti pst. har vegetasjon.

Svalbardtraktaten blei underteikna 9. februar 1920 og tredde i kraft 14. august 1925. Frå same dag blei Svalbard ein uudeleleg og uavhendeleg del av Kongeriket Noreg gjennom ei eige lov, Svalbardlova 17. juli 1925 nr. 11. Svalbardtraktaten er open for tiltreding og har i dag i overkant av 40 partar. Sysselmannen er regjeringas øvste representant på Svalbard og tek vare på statens interesser på øygruppa.

Sysselmannen har rolle både som politimeister og fylkesmann. I kraft av rolla som politimeister har Sysselmannen same ansvar og myndighet som politimeistrane på fastlandet. Sysselmannen har ansvaret for redningstenesta og har også ansvar

innanfor samfunnsberedskapen. Hovudoppgåvane for denne delen av verksemda består av rednings- og beredskapsarbeid, i tillegg til politi- og påtalearbeid.

Etter Svalbardlova § 2 gjeld norsk privatrett, strafferett og lovgivinga om rettspleia utan vidare for Svalbard om ikkje anna er fastsett. Andre lover gjeld ikkje utan når det er fastsett særskilt. Det kan også givast særskilte forskrifter for Svalbard. Størsteparten av busetjinga på Svalbard ligg på øya Spitsbergen. I tillegg bur det folk ved dei meteorologiske stasjonane på Hopen og Bjørnøya. Longyearbyen er det administrative senteret på Svalbard og er det største lokalsamfunnet.

Lokalsamfunnet i Barentsburg er bygd opp rundt koldrifta til det russiske selskapet Trust Arktikugol. Det er registrert om lag 570 fastbuande. I Ny-Ålesund er all verksemd knytt til forsking og forskningssørvis. Det er registrert om lag 40 heilårsbusette der. Ved den polske forskingsstasjonen i Hornsund er det registrert 10 heilårsbusette.

Folketalet i Longyearbyen er relativt stabilt, jf. tabell under. Gjennomsnittleg butid i Longyearbyen er om lag sju år. Ved inngangen av 2016 hadde om lag ein fjerdedel av befolkninga budd der i meir enn ti år.

Tabell 1.1 Befolkingstal 2009–2017 (Befolkningsregisteret – Svalbard skattekontor)

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Longyearbyen	2112	2041	2084	2173	2125	2097	2169	2156	2140
Ny-Ålesund	37	43	39	40	34	38	43	37	43
Barentsburg	417	491	450	413	464	494	468	473	573

## 1.2 Bakgrunnen for eit eige svalbardbudsjett

Behovet for å synleggjere inntekter og utgifter på Svalbard er bakgrunnen for at det kvart år blir fremja eit eige svalbardbudsjett. Justis- og beredskapsdepartementet fremjar svalbardbudsjettet som ein eigen budsjettproposisjon samstundes

med statsbudsjettet. I hovudsak er det den statlege administrasjonen av Svalbard som er finansiert over svalbardbudsjettet. Dette er mellom anna verksemd på Svalbard som er underlagt Justis- og beredskapsdepartementet, og verksemd underlagt andre fagdepartement. Longyearbyen lokalstyre får også løyingane sine over svalbardbudsjettet.

Kvart år blir det gitt eit tilskot frå statsbudsjettet til dekning av underskotet på svalbardbudsjettet, jf. Prop. 1 S (2017–2018) Justis- og beredskapsdepartementet kap. 480. Tilskotet er inntektsført på svalbardbudsjettet kap. 3035.

Svalbardbudsjettet gir òg ei samla oversikt over statlege løyingar til svalbardformål. Kvart år yter staten eit tilskot for å leggje til rette for nasjonal

og internasjonal forsking på Svalbard, miljøforvaltning og tiltak som til dømes drift av sjukehus i Longyearbyen. Slike utgifter blir dekte over det ordinære statsbudsjettet under kapitla til dei enkelte fagdepartementa. Forslag til løyingar for 2018 er omtalt nærmere under pkt. 4 nedanfor, jf. òg vedlegg 1.

## 2 Mål for norsk svalbardpolitikk

### 2.1 Overordna mål

Heilskaplege meldingar til Stortinget om Svalbard har tidlegare vore lagt fram med om lag ti års mellomrom. Meldingane har medverka til å legge føringar for utviklinga på øygruppa for ei rekke år framover. Dei heilskaplege gjennomgangane har medverka til ei avstemt utvikling innanfor den ramma måla for svalbardpolitikken sett. Regjeringa la 11. mai 2016 fram Meld. St. 32 (2015–2016) *Svalbard*, den femte i rekka av slike meldingar. Regjeringa stadfesta i denne meldinga at dei overordna måla for svalbardpolitikken ligg fast:

- ei konsekvent og fast handheving av suvereniteten
- overhalde Svalbardtraktaten på korrekt måte og føre kontroll med at traktaten blir etterlevd
- bevaring av ro og stabilitet i området
- bevaring av den særegne villmarksnaturen i området
- oppretthalde norske samfunn på øygruppa

Meldinga blei handsama i Stortinget 25. november 2016. Handsaminga i Stortinget, jf. Innst. 88 S (2016–2017), viste at det er brei politisk semje om hovudlinjene i svalbardpolitikken. Regjeringa legg vekt på at forvaltninga av øygruppa er føreseieleg og ber preg av kontinuitet. Ei fortsett føreseieleg forvaltning av Svalbard, i tråd med måla, medverkar både til tryggleik for folk i Longyearbyen og vil medverke til stabilitet og ei føreseieleg utvikling i regionen.

### 2.2 Justis- og beredskapsdepartementets mål for polarpolitikken

Måla for svalbardpolitikken, den auka aktiviteten på øygruppa og det at fleire aktørar er til stades, gjer det naudsynt med ei sterk koordinering og samordning av svalbardpolitikken. Mange departement har roller på Svalbard og er involverte i arbeidet med å nå måla, jf. òg omtala under pkt. 4. Polarområda har ei politisk betydning som gjer det naudsynt å sjå dei enkelte fagetatane si verksemd

i samanheng og i eit breiare perspektiv. Justis- og beredskapsdepartementet er tildelt eit eige ansvar for koordineringa av norsk svalbardpolitikk. Justis- og beredskapsdepartementet, har difor følgjande mål for politikken i Arktis, i tillegg til måla fastsett i stortingsmeldinga:

Tabell 2.1

---

#### Mål

---

1. Styrke samhandlinga i beredskap og krisehandtering
  2. Styrke samordninga og koordineringa av norsk polarpolitikk
  3. Vidareutvikle lokalsamfunnet i Longyearbyen
- 

#### 2.2.1 Justis- og beredskapsdepartementets mål 1: Styrke samhandlinga i beredskap og krisehandtering

Regjeringa har som mål at befolkninga skal oppleve stor grad av tryggleik for liv, helse og materielle verdiar. Den geografiske plasseringa til Svalbard, store avstandar og krevjande klima gir særskilte utfordringar på samfunnstryggleik- og beredskapsområdet. Den lokale beredskapen er ikkje dimensjonert for å handtere større eller samstundes hendingar over lang tid. I tilfelle større hendingar er det difor lagt til rette for tilførsel av ressursar frå fastlandet.

Dersom alvorlege hendingar inntreff, er det viktig å ha system for å oppretthalde samfunnet si grunnleggjande funksjonsevne. Det er vidare viktig å vere godt øvd og forebudd på å handtere situasjonar som kan oppstå.

Å styrke samhandlinga i beredskap og krisehandtering er eit verkemiddel for å redusere sårbarheita i samfunnet. Styrkja samhandling skal ein nå ved å avklare dei ulike aktørane si rolle, ansvar og mynde og ved å sikre eit godt samvirke mellom dei. Øvingar er sentralt og viktig for å styrke samhandlinga.

Beredskapen på Svalbard blir vurdert førtlopande, i lys av aktiviteten på øygruppa og endringar i risikobildet, jf. Innst. 88 S (2016–2017) og

Meld. St. 32 (2015–2016). Etter skredet i Longyearbyen 19. desember 2015 reiste Sysselmannen spørsmål om ein kunne tilkalle og bruke Sivilforsvaret som ressurs på Svalbard òg. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) har utgreidd dette. Rapporten er til vurdering i Justis- og beredskapsdepartementet.

### *Skredsituasjonen*

19. desember 2015 vart Longyearbyen utsett for ei snøskredulykke. To personar omkom og fleire vart skada. Mange hus blei øydelagde og vil ikkje kunne byggjast opp att i området dei sto i før raset.

2016 var prega av ekstremvær. Både i november og i desember 2016 sette Sysselmannen stab og innkalla beredskapsrådet på grunn av sterk vind, mykje nedbør og fare for jordskred (november) og snøskred (desember) i Longyearbyen. I november 2016 blei over 200 personar evakuerte frå heimane sine. I desember 2016 blei bustadområdet Nybyen evakuert. Sysselmannen samarbeidde nært med Longyearbyen lokalstyre og Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) under aksjonane. Verken bustadar eller personar vart skada.

21. februar 2017 vart Longyearbyen ramma av eit nytt snøskred. Raset førte ikkje til personska-  
dar. To bustadskompleks blei totalskada. Skredet kom uventa og var ikkje varsla av det lokale snøskredvarselet. Som følgje av skredet blei ytterle-  
gare bustadar evakuerte.

Justis- og beredskapsdepartementet gav i januar 2016 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) i oppdrag å evaluere skredet i 2015 med bistand frå Hovudredningssentralen i Sør-Noreg og Politihøgskulen. Både det førebyggjande arbeidet og sjølve handteringa av hendinga skulle evaluerast med tanke på moglege forbetringsspunkt. Evalueringssrapporten blei overlevert departementet i september 2016, og er offentleg tilgjengeleg. Rapporten identifiserte både positive erfaringar og nokre klare læringspunkt av betydning for den vidare beredskaps- og krisehan-  
teringsevna på Svalbard.

Sjå pkt. 2.2.3 for utdypande omtale av skred-  
sikring og bustadbygging i Longyearbyen.

### *Varsling av flaum og skred*

Olje- og energidepartementet og Justis- og bered-  
skapsdepartementet samarbeider om korleis flaum- og skredskadar kan førebyggjast på Sval-  
bard. På Svalbard gjeld same ordningar innan flaum- og skredførebyggjing som på fastlandet.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) bidrar med faglege råd og økonomisk støtte til sikring og varsling. NVE prioritærer kvart år kva til-  
tak og kva område som kan få støtte innanfor gjel-  
dande løying.

På fastlandet varsler NVE flaum-, jordskred- og snøskredfare regionalt. Lokale myndigheter må ta særleg stilling til korleis dei regionale varsla skal følgjast opp. På Svalbard oppretta NVE i 2016 regional snøskredvarsling for regionen Nordenskiöldland med Universitetssenteret på Svalbard (UNIS) som samarbeidspartner for observasjonar. I tillegg etablerte NVE ei lokal varsling for Longyearbyen. Etter snøskredet i februar 2017 vart den lokale snøskredvarslinga gjennomgått av NVE og Norges geotekniske institutt (NGI). Gjennomgangen viser at varslinga må ta meir omsyn til usikkerheit og manglende data. Gjennomgangen synleggjorde òg behov for eit betre kvalitetskontrollsysteem. Endringar i klima kan ha ført til at tidlegare skredhi-  
storikk ikkje lengre er like gjeldande for dagens situasjon.

### *Sysselmannen på Svalbard – redning og beredskap*

Sysselmannen på Svalbard er regjerings øvste representant på øygruppa og har rolle både som politimeister og fylkesmann. Svalbard er i utstrekning Noregs største politidistrikt. Sysselmannen har mynde på lik linje med ein politimeister på fastlandet.

Sysselmannen har ei sentral rolle for å handtere oppståtte hendingar innan samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet. Sysselmannen skal vere pådrivar og rettleiar i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap, jf. *Instruks for fylkesmannens og Sysselmannen på Svalbards arbeid med samfunnssikkerhet, beredskap og krisehåndtering (fastsett ved kgl. res. 19. juni 2015)*. Hendingane kan vere både ikkje-planlagde hendingar som til dømes naturkatastrofar, og planlagde hendingar som til dømes kriminalitet og terrorisme. Sysselmannen vektlegg samarbeidet med dei lokale beredskapsaktørane og overordna styresmakter. Målet er ein beredskap som gir befolkninga på Svalbard størst mogleg tryggleik.

Sysselmannen, som *fylkesmann*, leiar bered-  
skapsrådet for Svalbard. Rådet skal medverke til  
eit felles risiko- og sårbarheitsbilete og ei felles  
plattform for planlegging av samfunnstryggleiks-  
og beredskapsarbeid på Svalbard, og vere føre-  
budd på å hjelpe Sysselmannen ved krisehan-  
tering. Sysselmannen utgjer ein statleg ressurs for  
oljevernberedskapen. Sysselmannen har saman

med beredskapsrådet og sentrale aktørar i 2016 oppdatert ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for Svalbard.

### Lokal redningssentral

Sysselmannen er, som *politimeister*, leiar for redningsleiinga ved den lokale redningssentralen (LRS) på Svalbard. Redningsleiinga består i tillegg av representantar frå Longyearbyen lokalstyre, Longyearbyen brann og redning, Telenor Svalbard, Universitetssjukehuset i Nord-Noreg avdeling Longyearbyen, Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS, Avinor/Svalbard Lufthamn, Sysselmannens helikopteroperatør og frivillige v/Longyearbyen Røde Kors Hjelpekorps. Faglege rådgivarar kan gi fagleg spesialkompetanse under ein redningsaksjon eller under førebuingar/planarbeid, etter organisasjonsplan for redningstenesta.

I 2016 koordinerte LRS Svalbard i underkant av 70 redningsoppdrag, noko som er på nivå med tidlegare år.

### Ressursar – Sysselmannen

Auka aktivitet, i farvatna rundt Svalbard og i nordområda generelt, har følgjer for sjøtryggleiken på Svalbard.

Sysselmannen disponerer to Super Puma-helikopter med avansert utstyr. Helikoptra blir nytta til sok og redning på Svalbard og i nærliggjande område. Kvart helikopter kan plukke opp inntil 18 personar i naud innanfor ein radius på 120 nautiske mil. Utrykkingstida er to timer. I sommarhalvåret opererer òg Luftransport AS og andre helikopter for ulike oppdragsgivarar på Svalbard.

Fra 2014 er det inngått leige av fartøyet «Polar-syssel» med eit helikopterdekk som er stort nok for Sysselmannens nye helikopter. Auke i cruise-trafikken og annan skipstrafikk gir auka behov for inspeksjon, redningsberedskap og oppsyn.

Regjeringa foreslo i Prop. 1 S (2015–2016) å løyve 18 mill. kroner til utvida seglingssesong for «Polar-syssel» for Sysselmannen frå seks til ni månadar i året. Stortinget sluttar seg til forslaget. Tenestefartøyet er ein sentral ressurs i samanheng med redning og beredskap, ved mellom anna fare for skipsforlis, grunnstøting, oljeutslepp, personskadar m.m. I tillegg blir tenestefartøyet nytta i dei årlege inspeksjonane av øygruppa og generelt i Sysselmannens utøving av mynde. Forlenga seglingssesong har styrkt kapasiteten til Sysselmannen til å drive myndeutøving på øygruppa og medverka til ytterlegare styrking av beredskapen.

Sysselmannen har i 2016 kjøpt inn beredskapsutstyr, m.a. ny vaktbåt og inngått avtale om ny beltevogn for levering i 2017.

### Longyearbyen lokalstyre

Longyearbyen lokalstyre har ei generell beredskapsplikt, jf. sivilvernlova §§ 14, 15 og 29 som gjeld på Svalbard jf. *Forskrift om sivilbeskyttelseslovens anvendelse på Svalbard og om beredskapsplikt for Longyearbyen lokalstyre*. Formålet med ei generell beredskapsplikt er at kommunar, og lokalstyret, skal sjå arbeidet med tryggleik i samanheng og planleggje ut frå dette. Forskrifta pålegg lokalstyret sjølv å ta ansvar for eit systematisk, kontinuerleg og kvalitetsvist godt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, og vurdere behovet for eventuelle særskilte førebuingar. Sysselmannen på Svalbard fører tilsyn med lokalstyret si oppfølging av pliktene i forskrifta.

### Førebyggjande sjøtryggleik

Ein viser til Meld. St. 32 (2015–2016) Svalbard, Meld. St. 35 (2015–2016) om førebyggjande sjøtryggleik og beredskap mot akutt forureining og Meld. St. 33 (2016–2017) Nasjonal transportplan.

Analysane som Kystverket har utarbeidd av førebyggjande sjøtryggleik og av miljørisiko og beredskap rundt Svalbard og Jan Mayen, er eit viktig kunnskapsgrunnlag for regjeringa sitt arbeid. Analysane syner at skipstrafikken venteleg vil auke fram mot 2040, og at risikoen for uhell og ulykker med skip òg kan auke dersom ein ikkje set i verk tiltak. I stortingsmeldingane er det difor lagt fram fleire tiltak som kan vere med på å styrke sjøtryggleiken rundt Svalbard. Regjeringa vil mellom anna styrke den maritime trafikkovervakninga rundt Svalbard gjennom å byggje ut landbaserte AIS-basestasjonar<sup>1</sup> og vurdere å ta i bruk virtuelle navigasjonshjelpemiddel, jf. Meld. St. 33 (2016–2017).

Innan beredskap mot akutt forureining, vil Kystverket prioritere forsking og utvikling innan handsaming av akutt forureining og utstyr i islagte farvatn. Etaten vil òg gjennomføre tiltak som styrkar oljevernberedskapen i nordområda.

<sup>1</sup> AIS er eit Automatisk Identifikasjons System og eit hjelpe-middel mot kollisjon som er innført av FNs sjøfartsorganisasjon IMO for å auke tryggleiken for skip og miljø, og betre trafikkovervakning og sjøtrafikktenester.

### Helseberedskap

Helse Nord RHF vil etablere vaktordning for anestesilege i tilknyting til Sysselmannens helikopter, kombinert med å plassere meir medisinteknisk utstyr i Longyearbyen. Beredskapen vil venteleg vere etablert ved årsskiftet 2017/2018. Tiltaket er mellom anna ei oppfølging av evalueringa av beredskapen ved skredet i 2015. Sjå pkt. 4.7 for utdypande tekst.

### 2.2.2 Justis- og beredskapsdepartementets mål 2: Styrke samordninga og koordineringa av norsk polarpolitikk

Regjeringa har som mål å ha ein samordna og koordinert svalbardpolitikk. Krav til koordineringa av svalbardsaker har blitt meir omfattande. Fleire departement har i dag ei rolle i utforminga av svalbardpolitikken enn kva tilfelle var nokre tiår tilbake. Forvaltninga og administrasjonen av Svalbard har endra seg og er mellom anna blitt meir desentralisert. Desentralisering av mynde fører til auka behov for koordinering mellom ansvarlege myndigheter. Auka aktivitet på Svalbard har medført at stadig fleire lover gjeld for øygruppa. Longyearbyen har òg vakse dei siste åra med auke og meir variasjon i privat næringsdrift og meir omfattande aktivitet i felt, spesielt innan turisme og forsking.

### Det interdepartementale polarutvalet

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for å koordinere og samordne polarsaker i statsforvaltninga. Det interdepartementale polarutvalet (Polarutvalet) er eit viktig verkemiddel i så høve. Polarutvalet er eit koordinerande og konsultativt organ for sentraladministrasjonen si behandling av polarsaker. Utvalet arbeider etter «*Instruks for behandling av polarsaker og for Det interdepartementale polarutvalg (polarutvalgsinstrukten)*» fastsett ved kgl. res. 18. oktober 2002. Utvalet skal vere eit særleg rådgivande organ for regjeringa i slike saker. Samstundes gjeld framleis fagdepartamenta si avgjerdsmynde og vedkommande fagstatsråd sitt konstitusjonelle ansvar for dei ulike sakene. Utvalet har møte om lag ti gonger i året.

### Sysselmannen

Sysselmannens kjerneoppgåver er rednings- og beredskapsarbeid, ansvar for politi- og påtalestyremakt, og miljøforvaltning på øygruppa. Det at

både politifagleg og miljøfagleg ekspertise er samla i Sysselmannens organisasjon, mogleggjer ei god fagleg forvalting av plan- og enkeltsaker, eit godt informasjonsarbeid og ei effektiv etterforsking av miljøkriminalitet. Turisme og ferdsel på Svalbard krev at ein held godt oppsyn, slik at ein kan avdekkje moglege brot på føresegna om vern av natur- og kulturmiljø på Svalbard.

Sysselmannen er som fylkesmann regional, statleg miljøvernmyndighet på Svalbard og har ansvaret for handhevinga av miljøregelverket og oppsynet med at regelverket blir følgt. Sysselmannen sine miljøvernoppgåver spenner over eit breitt spekter av oppgåver innanfor områdevern, artsforvaltning, kulturminne, naturinngrep og forureining. I tillegg kjem planarbeid der planansvaret ikkje er delegert til Longyearbyen lokalstyre. Saksførebuing og søknadshandsaming, regelverksarbeid og utarbeiding av forvaltningsplanar er viktige oppgåver for Sysselmannen på miljøvernside.

Sysselmannen har i kraft av rolla som politimeister same ansvar og mynde som politimeistrane på fastlandet. Sysselmannen har ansvaret for redningstenesta og har ansvar innanfor samfunnsberedskapen, jf. pkt. 2.2.1. Hovudoppgåvene for denne delen av verksemda består av rednings- og beredskapsarbeid og politi- og påtalearbeid.

Sysselmannen har jamleg kontakt med lokalsamfunn på Svalbard utanfor Longyearbyen, både med Barentsburg, Ny-Ålesund, den polske forskingsstasjonen i Hornsund, dei meteorologiske stasjonane på Hopen og Bjørnøya og med fangstasjonar.

### Lovgiving

Svalbardlova § 2 slår fast at norsk privatrett og strafferett og norsk lov om rettspleie gjeld for Svalbard, når ikkje anna er fastsett. Andre lover gjeld ikkje for Svalbard, utan når det er fastsett særskilt.

Meld. St. 32 (2015–2016) gir ein gjennomgang av status for lovgiving på Svalbard. I meldinga slår ein fast at det rettslege rammeverket for Svalbard skal vere mest mogleg likt fastlandet og at ny lovgiving for fastlandet som hovuddregel skal takast i bruk for Svalbard, med mindre særlege forhold talar mot dette, eller det er behov for unntak eller tilpassingar. Lovverket skal gjelde og bli handheva likt for heile øygruppa, med mindre det er behov for overgangsordningar eller andre former for innfasing. Stortinget har sluttat seg til desse føringane.

All lovgiving blir likevel ikkje automatisk gjort gjeldande for Svalbard, jf. Svalbardlova § 2 ovanfor. På nokre område er det òg gitt eigne lover

eller forskrifter som er spesielt tilpassa forholda på Svalbard. Eksempel på dette er svalbardmiljølova og skattelova for Svalbard. Det kan òg vere nødvendig med andre former for innfasing, m.a. for å gi høve til omstilling for enkelte verksemder. I særskilte tilfelle vil det òg kunne vurderast unntaksheimlar for visse typar aktivitet. Administrative forhold kan òg gjøre det naudsynt med tilpassingar, for eksempel fordi det ikkje finst motsvarande lokale instansar eller forvaltningsnivå på Svalbard som på fastlandet. I tillegg kan det vere hensiktsmessig å innføre lov som av praktiske og økonomiske årsaker berre gjeld Longyearbyen arealplanområde.

#### Arktisk råd

I Arktisk råd samarbeider alle dei arktiske landa på regjeringsnivå. Rådet vart etablert i 1996. Medlemmane deler på å ha formannskapet med to år av gongen. USA hadde formannskapet i perioden 2015–2017. Frå 2017 til 2019 har Finland formannskapet. Utanriksdepartementet har ansvar for å koordinere den norske deltagninga i Arktisk råd med dei ansvarlege sektordepartementa.

#### Eigedom

I oktober 2016 blei Staten samd med eigarane av eigedomen Austre Adventsfjord på Svalbard om å kjøpe denne. Austre Adventsfjord ligg nordaust for Longyearbyen. Eigedomen er om lag 218 km<sup>2</sup> og utgjer ca. 0,35 pst. av Svalbard sitt samla areal.

Regjeringa foreslo gjennom Prop. 25 S (2016–2017) å løyve 300 mill. kroner til kjøp av eigedomen. Stortinget slutta seg til forslaget. Kjøpet blei formelt gjennomført 7. april 2017. Etter kjøpet av eigedomen eig Staten rundt 99 pst. av Svalbards samla areal.

#### Utgreiing om framtidig energiforsyning

I samband med handsaminga av Meld. St. 32 (2015–2016) bad Stortinget Regjeringa om å setje i gang ei brei utgreiing av moglegheitene for framtidig energiforsyning på Svalbard, basert på berekraftige og fornybare løysingar, jf. Innst. 88 S (2016–2017).

Regjeringa legg til grunn at den framtidige energiforsyninga må gi ein forsvarleg forsyningstryggleik. Energiløysinga som blir valt for området bør vidare vere berekraftig og kostnadseffektiv.

Olje- og energidepartementet vil setje i gang ei ekstern utgreiing av framtidig energiforsyning for Svalbard. Longyearbyen lokalstyre vil bli involvert

i det vidare arbeidet. For ytterlegare omtale av utgreiinga, sjå Prop. 129 S (2016–2017) *Tilleggsbevilninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2017*.

#### 2.2.3 Justis- og beredskapsdepartementets mål 3: Vidareutvikle lokalsamfunnet i Longyearbyen

Regjeringa har som eitt av hovudmåla i svalbardpolitikken å halde ved lag norske samfunn på øygruppa. Målet vert oppfylt i hovudsak gjennom familiesamfunnet i Longyearbyen og til dels gjennom busettinga i Ny-Ålesund. Regjeringa har som mål at Longyearbyen skal vere eit levedyktig lokalsamfunn som er attraktivt for familiar og eit samfunn som medverkar til å oppfylle og understøtte dei overordna måla i svalbardpolitikken.

Folketalet i Longyearbyen er relativt stabilt, jf. tabell 1.1. Talet på norske statsborgarar har gått noko ned. Gjennomsnittleg butid i Longyearbyen er om lag sju år. Ved inngangen av 2016 hadde om lag ein fjerdedel av befolkninga budd der i meir enn ti år.

Ei framhalden utvikling innan eksisterande verksemder vil medverke til busetting i Longyearbyen. Samstundes er det ønskeleg å leggje til rette for eit meir variert næringsliv. Talet på sysselsette i Longyearbyen gikk noko ned frå 2015 til 2016. Hovudårsaka til nedgangen er nedgang i tilsette i bergverk.

#### Longyearbyen lokalstyre som lokal utviklar

Longyearbyen lokalstyre blei oppretta i 2002, jf. Svalbardlova kap. 5. Formålet, jf. § 29, er å leggje forholda til rette for eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre i Longyearbyen. Lokalstyret skal sikre ei rasjonell og effektiv forvaltning av fellesinteresene innanfor ramma av norsk svalbardpolitikk, med sikte på ei miljøforsvarleg og berekraftig utvikling av lokalsamfunnet.

Lokalstyret får i hovudsak driftsmidla sine via ei rammeløyving frå Justis- og beredskapsdepartementet.

Longyearbyen lokalstyre har tryggja sin posisjon som lokal myndighet og forvaltningsorgan. Lokalstyret har blitt ein viktig samarbeidspartner for sentrale myndigheter. Dialogen lokalstyre har med departementa er viktig for å sikre ei utvikling av samfunnet i Longyearbyen i tråd med dei overordna måla i svalbardpolitikken. Justis- og beredskapsdepartementet og Longyearbyen lokalstyre har kontaktmøte to gonger i året.

Lokalstyret har ansvar for forvaltninga av nærmere definerte saksområde innanfor Longyearbyen arealplanområde. Oppgåvene er på fleire felt tilsvarande dei oppgåvene ein kommune på fastlandet er tillagt. Lokalstyret har i tillegg eit lovpålagt ansvar for infrastruktur i Longyearbyen som ikkje er tillagt staten eller andre. Lokalstyret har derimot ingen oppgåver eller utgifter til eldremørsorg sidan Longyearbyen ikkje er eit livsløpssamfunn. Longyearbyen lokalstyre har heller ikkje ansvar for eller utgifter til andre helse- og omsorgstenester.

Longyearbyen lokalstyre er planmyndighet i Longyearbyen arealplanområde. Lokalstyret hadde våren 2016 forslag til arealplan for Longyearbyen på høyring. Eit revidert høyringsutkast blei sendt ut før jul 2016. Revidert arealplan blei vedteken av Longyearbyen lokalstyre 13. februar 2017.

#### Bustadbygging og skredsikring

Regjeringa har sett i verk tiltak for å betre bustadsituasjonen i Longyearbyen. Regjeringa foreslo i samband med revidert nasjonalbudsjett 2016 å løyve 10 mill. kroner til bustadbygging og arealutvikling i Longyearbyen, jf. Prop. 122 S (2015–2016). Stortinget sluttar seg til forslaget, jf. Innst. 400 S (2015–2016). Om lag 450 000 kroner er nytta til grunnundersøkingar. Resten av løyvinga er ubrukt pr. 30. august 2017. Longyearbyen lokalstyre tek sikte på å bruke løyvinga til grunnundersøkingar og utbygging av infrastruktur (veg, kloakk og vatn).

Regjeringa foreslo i samband med revidert nasjonalbudsjett 2017 å løyve 28 mill. kroner til Statsbygg til grunnundersøkingar av aktuelle tomter og prosjektering av bustadar i Gruvedalen og Nedre Skjæringa. Stortinget sluttar seg til forslaget, jf. Innst. 401 S (2016–2017). Statsbygg har difor fått i oppdrag å planlegge bygging av opp til 100 bustadar i Longyearbyen.

Statsbygg vil i 2018 bygge bustadar til Statsbygg sin eigen pool. Statsbygg tek sikte på at dei første 40–50 bustadane skal vere innflyttingsklare i løpet av 2018. Bueiningane skal bestå av 3-, 4- og 5-roms leilegheiter. Prosjektet skal bidra til å oppretthalde busettinga i Longyearbyen og sikre at innbyggjarane kan bu trygt. Prosjektet har som mål å imøtekome behovet for bustadar så snart som mogleg. Framdrifta vil avhenge av raske og effektive prosessar som går mest mogleg parallelt. Bustadane til Statsbygg sin pool vil bli finansiert gjennom gjeldande rammer for kurantordninga (statleg byggeprosjekt der husleiga blir dekt innafor gjeldande budsjettrammer, jf. rund-

skriv H-11/14 av 7. november 2014). Kommunal- og moderniseringdepartementet vil vere ansvarleg oppdragsgivare.

Kunnskapsdepartementet tar sikte på å gi tilsegn om tilskott til 62,5 hybelleaningar til nye studentbustadar. Sjå omtale i pkt. 4.3.

Longyearbyen lokalstyre fatta 26. juni 2017 følgjande vedtak:

*«Longyearbyen lokalstyre inngår oppdragsavtale med Statsbygg om 20 boenheter. Det er søkt om 55 mill. kroner i statstilskudd i 2018 til finansiering av de 20 boenhetene. Dersom Longyearbyen lokalstyre ikkje mottar omsøkt statstilskudd vil hele/deler av beløpet lånefinansieres.»*

Regjeringa har gjennom forslag til løyvingar i 2016 og 2017, jf. omtale over, lagt til rette for bygging av bustadar også til lokalstyret.

Regjeringa foreslo òg i samband med revidert nasjonalbudsjett i 2017 å auke løyvinga på olje- og energidepartementets kap. 1820 Post 22 Flom- og skredførebygging med 20 mill. kroner for å framkunde arbeidet med skredsikringstiltak i Longyearbyen. Stortinget sluttar seg til forslaget, jf. Innst. 401 S (2016–2017). Tiltaka vil beskytte dei bueiningane som står att rundt spisshusa som blei tekne av skredet i desember 2015. Tiltaka legg til rette for reetablering av busetnad i området som blei ramma av skredet. I 2017 blir det gjennomført detaljprosjektering og sikring mot sørpeskred. Det er utfordringar med permafrost, grunnforhold og fundamentering av sikringstiltak mot snøskred. Nye grunnundersøkingar må slutførast før støtteførebygninga blir bygde. Ifølgje Noregs vassdrags- og energidirektorat blir sikringstiltaka difor slutført i 2018.

#### Flytting av statlege arbeidsplassar

Regjeringa vurderer om det er mogleg å flytte statlege arbeidsplassar til Longyearbyen for å kunne sikre målet om å halde ved lag norske samfunn på øygruppa.

Regjeringa har bestemt at Forbrukarrådet skal ha ei hospiteringsordning med 3–5 medarbeidarar på Svalbard. Kontoret blei etablert i 2017 og etter planen vil det vere fire medarbeidarar frå Forbrukarrådet i Longyearbyen i 2018.

Regjeringa har pålagt Norsk Helsenett SF å etablere verksemد på Svalbard knytt til deira oppdrag om å etablere eit felles senter for tenester til den sentrale helseforvaltninga. Norsk Helsenett vil etablere inntil fem stillingar i Longyearbyen.

### Bergverk

Utanriks- og forsvarskomiteen skreiv i Innst. 88 S (2016–2017), jf. Meld. St. 32 (2015–2016) *Svalbard* følgjande:

*«Komiteen mener det er viktig med en avklaring av selskapets retning og strategi fremover, både når det gjelder gruve drift, boligutvikling, infrastruktur og eventuelle nye forretningsområder. Komiteen ber regjeringen komme tilbake til Stortinget på egen måte med en sak om SNSK og der ta stilling til eventuelt endret formål og kategorisering av eierskapet.»*

Regjeringa legg opp til at Store Norske Spitsbergen Kullkompanis (SNSK) framtidige hovudverksemnd skal vere drift av Gruve 7, at anna verksemnd som logistikkverksemnd og turistverksemnd kan vidareførast dersom det kan gjerast på forretningsmessig grunnlag og er i tråd med svalbard-politiske omsyn, og at aktiviteten ut over gruve drifta ikkje blir utvida. Nærings- og fiskeridepartementet vil vurdere nærmere framtidig utvikling av bustadverksemnda til selskapet. Sjå nærmere omtale

under pkt. 4.2 og budsjettproposisjonen til Nærings- og fiskeridepartementet.

### Turisme

Talet på gjestedøgn har auka, jf. tabell under. Særleg har auken i åra frå 2012 til 2016 vore monaleg. Frå 2015 til 2016 har det vore ein auke i talet på gjestedøgn på 8,5 pst. 36 oversjøiske cruiseskip hadde anløp i Longyearbyen 2016. Skipa hadde i overkant av 41 000 cruisepassasjerar, ein auke på 10 pst. sidan 2015.

Utviklinga har gjort reiseliv til den største næringa på Svalbard. For lokalsamfunnet er utviklinga med auka aktivitet i reiselivsnæringa òg positiv i form av auka omsetning i avleidde verksemder.

Justis- og beredskapsdepartementet reviderte 8. januar 2015 forskrift om turisme og anna reiseverksemnd på Svalbard (turistforskrifta). Forskrifta bidreg til god samhandling mellom Sysselmannen og reiselivsnæringa.

Auka turisme medfører nye utfordringar for Sysselmannen og andre myndigheter på Svalbard.

Sjå omtale av Visit Svalbard i pkt. 4.2.

Tabell 2.2 Gjestedøgn i Longyearbyen pr. år

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Gjestedøgn	82 000	86 000	84 000	107 000	119 000	131 000	142 000

Kjelde: Visit Svalbard AS, Innhenta frå kommersielle, statistikkpliktige overnattingsbedrifter i Longyearbyen, inkl. camping

### Forsking og utdanning

Forsking er ein viktig del av nordområdesatsinga for Svalbard generelt og Longyearbyen spesielt. Forskningsverksemnda medverkar til å skape eit stabilt, heilårleg samfunn i Longyearbyen og er grunnleggjande for aktiviteten i Ny-Ålesund.

Regjeringa vil, jf. Meld. St. 32 S (2015–2016) *Svalbard*, utvikle ein overordna strategi for forsking og høgare utdanning på Svalbard. Forskningsrådet er gitt ansvar for å utarbeide forslag til strategi basert på ein brei prosess. Forskningsrådet får det overordna ansvaret for evaluering av korleis strategien blir følgd opp. For mellom anna å styrke den norske vertskapsrolla og for å støtte opp om svalbardpolitikken, skal det utarbeidast ein særskild forskningsstrategi for Ny-Ålesund.

Universitetssenteret på Svalbard AS (UNIS) spelar ei sentral rolle i vidareføringa av den nor-

ske polarforskingstradisjonen, i utviklinga av Svalbard som forskingsplattform og i å representera og sikre norske interesser i Arktis. UNIS er ein viktig del av nordområdesatsinga for Svalbard generelt og Longyearbyen spesielt. Senteret medverkar til å skape eit stabilt, heilårleg samfunn i Longyearbyen, med fastbuande studentar og forskarar.

Sjå utdjupande omtale under pkt. 4.3.

### Satellittverksemnd

Satellittverksemnda på Svalbard er ein strategisk viktig del av norsk romverksemnd, som medverkar til gode overvakings- og navigasjonstenester i nordområda og som gjer Noreg til ein attraktiv partnar for internasjonalt samarbeid om romverksemnd. Verksemnda medverkar òg positivt til auka

sysselsetjing på Svalbard. Sjå nærmare omtale under pkt. 4.2.

### Hamn

Skipstrafikken rundt Svalbard består hovudsakleg av cruise- og godstrafikk, forskingsrelatert skipsfart og noko trafikk knytt til fiskeriaktivitet. Trafikken har auka dei siste åra. Det er avgrensa kapasitet ved hamneanlegga i Longyearbyen, og relativt stor trafikk skal betenast over ein kort sesong. Hamneinfrastrukturen i Longyearbyen vil, i lys av ein større kommersiell og industriell aktivitet i Polhavet, få auka verdi som base for rednings- og forureiningsberedskap, og som base for tilbod av maritime tenester. I dei siste åra har behovet for større hamnekapasitet i Longyearbyen auka. Utviklinga dei seinare åra syner at skipstrafikken til dei arktiske områda aukar både i tal og omfang, særleg cruisetrafikken.

Regjeringa foreslo i Prop. 1 S (2015–2016) å løyve 15 mill. kroner til å greie ut forskjellige løysingar for hamneinfrastrukturen i Longyearbyen. Stortinget sluttar seg til forslaget. Samferdsledepartementet gav Kystverket i oppdrag å følgje opp forslaget. Ein rapport frå Kystverket blei overlevert til departementet i desember 2016 og inngår i grunnlaget for det vidare arbeidet med hamneinfrastrukturen i Longyearbyen.

Regjeringa legg gjennom Meld. St. 33 (2016–2017) *Nasjonal transportplan 2018–2029* opp til å setje av 300 mill. kroner til utbetring av hamneinfrastrukturen i Longyearbyen hamn med ei stor flytekai med terminalbygg for passasjertrafikk. Utbetring av hamna vil gje auka kapasitet og betre fasilitetar for små og mellomstore skip, særleg i sommarsesongen med stor passasjertrafikk og forskingsverksemrd. Utbetringa vil styrke lokalsamfunnet gjennom å støtte opp under eksisterande næringsliv og leggje til rette for framtidig utvikling. Utbetringa er planlagd i første del av planperioden.

Tabell 2.3 Utslipp frå kolkraftverket i Longyearbyen

	2012	2013	2014	2015	2016
CO <sub>2</sub> (t/år)	50 014	54 657	63 698	64 220	69 768
SO <sub>2</sub> (t/år)	405	336	536	511	0,24
NO <sub>x</sub> (t/år)	155	169	165	117	73
Støv (t/år)	85	92	116	112	7

### Infrastruktur

Drift og vedlikehald av infrastruktur i Arktis er spesielt krevjande. Infrastrukturen i Longyearbyen er i stor mon frå 1970-talet. Ein ser i aukande grad eit behov for å oppgradere til det som er vanleg standard elles. Dette gjeld både vegar, bustadar, røyrframföringar og liknande. Middeltemperaturen og nedbørsmengda på Svalbard har auka. Varmare klima medfører at meir av nedbøren kjem som regn og ikkje som snø. Auka temperatur i permafosten fører til eit djupare aktivt lag, meir ustabil grunn under bygningar og i skrånningar, auka potensiale for erosjon og stor massetransport i elvene. Dette skaper utfordringar for infrastrukturen.

Longyearbyen lokalstyre har kontinuerleg merksemd på korleis dette vedlikehaldsetter-slepet kan handterast.

### Energiforsyning

Longyearbyen lokalstyre er som eigar av Longyearbyen energiverk ansvarleg for leveranse av varme og energi i lokalsamfunnet. Dåverande Klima- og forureiningsdirektoratet på Longyearbyen lokalstyre eit reinsekrav frå juli 2012. Tidspunktet vart seinare forlenga til utgangen av 2015. I budsjetta for 2012–2014 vart det til saman løvd 114 mill. kroner over svalbardbudsjettet til å bygge reinseanlegget. Reinseanlegget blei sett i drift tidleg i 2016.

Den pågående oppgraderinga av kraftverket gir verket ei forlenga levetid på om lag 20 år og vart i 2013 kostnadsbereknad til om lag 98 mill. kroner i investeringar og ekstraordinære vedlikehaldskostnader. Regjeringa foreslår etter denne planen at det i 2018 blir løvd 8,3 mill. kroner som statens del av utgiftene. Rehabiliteringa etter denne vedlikehalds- og finansieringsplanen er planlagd å vere ferdig i 2018. Utviklinga i utslepp frå kolkraftverket er som følgjer:

Utslepp av SO<sub>2</sub> og støv frå kraftverket er etter oppgraderinga nesten borte. Kolkraftverket har fortsatt høge utslepp av CO<sub>2</sub> i forhold til den mengda energi kraftverket produserer.

Lokalstyret har utarbeidd ein ny og oppdatert vedlikehaldsplan som går fram til 2038. Planen viser framleis høge vedlikehaldskostnader med spesielt store kostnader til vedlikehald nokre år.

Longyearbyen lokalstyre disponerer eit reservekraftverk. Etter skredkartlegginga som ble gjennomført hausten 2016, ligg delar av reservekraftverket innanfor 100-års faresone for skred. Dagens reservekraftstasjon klarer ikkje å dekke lokalsamfunnets behov for elektrisitet dersom det ordinære kraftverket ikkje er i drift. Lokalstyret har fått utarbeidd ei ny tilstandsvurdering av reservekraftverket. Anlegget er i ein slik tilstand at utbetingar er påkravd. Samstundes kan vidare vedlikehald verte dyrare enn å byggje nytt reservekraftverk.

Longyearbyen lokalstyre har kontinuerleg merksemd på vedlikehaldsarbeidet i samband med energiforsyninga.

#### *Svalbard kyrkje*

Den norske kyrkja vart frå 1. januar 2017 eit sjølvstendig rettssubjekt som Svalbard kyrkje er ein del av. Løyvinga til Svalbard kyrkje er no eit øyremerkt tilskot som vert overført til Den norske kyrkja ved Kyrkjemøtet. Kyrkja si særlege stilling på Svalbard, mellom anna kyrkja si rolle i den offentlege beredskapen i øysamfunna, er bakgrunnen for at løyvinga vert vidareført som ei særskild løyving over svalbardbudsjettet og ikkje inngår i rammetilskottet frå Kulturdepartementet til Den norske kyrkja. Svalbard kyrkje er eigd av staten. Statsbygg har forvaltningsansvaret for kyrkjebygget.

### 3 Forslag til svalbardbudsjett for 2018

Forslaget til budsjetttramme for svalbardbudsjettet for 2018 er på 466,9 mill. kroner. Dette er 4 mill. kroner eller 0,8 pst. auke i forhold til vedteke budsjett for 2017.

Underskotet på svalbardbudsjettet for 2018 er stipulert til 238,4 mill. kroner og blir dekt inn gjennom eit tilskot på JDs kap. 480 post 50 Tilskot. Storleiken på tilskotet har variert frå år til år og er blitt auka ved ekstraordinære tilskotsbehov. Tilskotet til svalbardbudsjettet i 2017 var 320,9 mill. kroner.

Bortsett frå statstilskotet er skattar og avgifter frå Svalbard den største inntektsposten, jf. omtala på kap. 3030. Skatteinntektene for 2018 er budsjettert til 220,7 mill. kroner, ein auke på 84,1 mill. kroner frå 2017. For å oppnå balanse i svalbardbudsjettet er tilskotet på kap. 480 post 50 redusert med 82,6 mill. kroner i 2018. Inntektene frå skattar og avgifter utgjer 48 pst. av dei samla inntektene på svalbardbudsjettet.

Svalbardbudsjettet er i stor grad eit driftsbudsjett. Ein stor utgiftspost er Sysselmannens transportteneste (kap. 0006), som mellom anna inkluderer utgifter til redningshelikopter. Andre store utgiftspostar er løyving til Sysselmannens ordinære drift (kap. 0005) og til Longyearbyen lokalstyre (kap. 0003), der det vert løyvd midlar til drift av lokalstyret og tilskot til drift og utbygging av offentlege tenester og infrastruktur som Longyearbyen lokalstyret har ansvaret for. I tillegg inneholder svalbardbudsjettet fleire små budsjettkapittel, som til dømes tilskot til Svalbard kyrkje, løyving til Svalbard skattekontor, staten sine bygninagar på Bjørnøya og Hopen og til Statsbygg sitt svalbardkontor.

Ei oversikt over inntekter og utgifter og ei oversikt over utgiftene fordelte på postnivå, er gitt i pkt. 5 nedanfor. I del II er det ein nærmare omtale av dei enkelte budsjettkapitla.

## 4 Forslag til løyvingar til svalbardformål frå andre departement over statsbudsjettet (jf. vedlegg 1)

For 2018 er det foreslått løyvd netto om lag 683 mill. kroner på statsbudsjettet til svalbardformål utanom svalbardbudsjettet, eksklusive løyvingar til opprydding i Lunckeijell/Svea. Dette talet omfattar tilskottet til svalbardbudsjettet på Justis- og beredskapsdepartementets kap. 480 og utgifte til Svalbard som blir dekte på budsjetta til dei andre departementa, jf. vedlegg 1. Inntektene frå Svalbard som går inn på budsjetta til dei andre departementa er trekte frå, jf. vedlegg 2. Tilsvarande tal i 2017 var om lag 798 mill. kroner.

### 4.1 Klima- og miljødepartementet

Regjeringa har som eitt av dei overordna måla for svalbardpolitikken å ta vare på den særeigne villmarksnaturen på Svalbard. For oversikt over dei spesifikke miljømåla for Svalbard, sjå Meld. St. 32 (2015–2016) Svalbard. Klima- og miljødepartementet har i Prop. 1 S (2017–2018) følgjande mål for miljøpolitikken på Svalbard.

- Omfanget av villmarksprega område på Svalbard skal haldast ved lag, og naturmangfaldet bevarast tilnærma upåverka av lokal aktivitet.
- Dei 100 viktigaste kulturminna og kulturmiljøa på Svalbard skal sikrast gjennom føreseieleg og langsigktig forvaltning.

Svalbardmiljølova med forskrifter er det viktigaste verkemiddelet for å nå miljømåla på Svalbard. Føremålet med lova er å oppretthalde eit tilnærma urørt miljø på Svalbard når det gjeld samanhengande villmark, landskap, flora, fauna og kulturminne. Innanfor denne ramma gjev lova rom for miljøforsvarleg busetjing, forsking og næringsdrift. Miljøregelverket og miljømåla set rammer for all verksemd. Innanfor desse rammene er det handlingsrom for å utvikle verksemd knytt både til reiseliv, forsking og høgare utdanning vidare.

#### Miljøforvaltinga på Svalbard

Miljøvernmyndighetene på Svalbard er Klima- og miljødepartementet, Miljødirektoratet, Riksanti-

kvaren og Sysselmannen på Svalbard. Sysselmannen på Svalbard er lokal miljøvernstyresmakt på Svalbard med ei eiga miljøvernavdeling. Klima- og miljødepartementet har det faglege styringsansvaret for Sysselmannens miljøvernoppgåver. Departementet har òg delegert mynde på sentrale område til Miljødirektoratet og Riksantikvaren. Norsk Polarinstitutt er fagleg rådgivar for forvaltinga i polare spørsmål. Longyearbyen lokalstyre har fått delegert kompetanse etter svalbardmiljølova på nokre avgrensa område for Longyearbyen arealplanområde.

Regjeringa har i tillegg i sitt forslag til statsbudsjett foreslått 183,5 mill. kroner til svalbardformål på budsjettet til Klima- og miljødepartementet. Sjå oversikt over løyvingane i vedlegg 1.

#### Resultat og utfordringar

Raske klimaendringar i kombinasjon med andre miljøpåverknader, inkludert endringar i aktivitet, er ei betydeleg og aukande utfordring for miljøvernet på Svalbard. I Arktis stig temperaturen rundt dobbelt så raskt som det globale gjennomsnittet. Arktiske arter og økosystem er spesielt sårbar for klimaendringar. Polarisen minkar og leveområda for mange av dei artene vi finn i Arktis i dag, som isbjørn og sel, blir reduserte. Mindre permafrost inneber at mange bygg får skadar på grunn av at grunnen tinar. Endringar i permafrost endrar også stabiliteten i gamle deponi og påverkar korleis forureining spreier seg i grunnen. Mindre is og villare vêr gir større erosjon på strandene. Mange av kulturminna på Svalbard ligg nær sjøen, og for mange er det ein konkret trussel at dei kan rase i havet.

Den raske oppvarminga aukar også farens for at fleire nye arter kan få fotfeste på Svalbard og i dei arktiske havområda der dei kan fortrenge nærværende naturleg førekommande arter. Sysselmannen sluttførte i 2016 arbeidet med handlingsplan for framande arter, og fleire tiltak i planen er alle reie gjennomført.

Oppfølging av Meld. St. 32 (2015–2016) Svalbard har vore sentralt for miljøvernforvaltinga

på Svalbard sitt arbeid etter at meldinga blei lagt fram, til dømes når det gjeld tilrettelegging for reiseliv i Isfjordområdet.

Lokale utslepp påverkar miljøet i større grad enn det ein har trudd tidlegare. I 2016 har miljømyndighetene gitt pålegg til fleire aktørar om å gjennomføre tiltak i område med forureina grunn. Sysselmannen og Miljødirektoratet har starta ein gjennomgang av regelverket for avfallshandtering på Svalbard.

Marin forsøpling og mikroplast i havet og på strandene rundt Svalbard er identifisert som eit aukande problem. I regi av Sysselmannen blei det i 2016 rydda 93 kubikkmeter søppel på nordsida av øygruppa.

Sysselmannen har over fleire år utarbeidd forvaltingsplanar for verneområda på Svalbard som dekker om lag 65 pst. av landarealet. Miljøforvaltinga tek sikte på å ferdigstille forvaltingsplan for nasjonalparkane og fuglereservata på Vest-Spitsbergen våren 2018. Forvaltingsplanane er eit verktoy for å balansere bruks- og verneinteressene innanfor ramma av verneformålet.

Kunnskap er ein føresetnad for god forvalting av miljøet på Svalbard. Forsking er difor viktig for Svalbard. Samstundes er Svalbard viktig for forskinga, og Svalbard får ei stødig større rolle som forskingsplattform for norsk og internasjonal forsking. Regjeringa foreslo i Prop. 1 S (2016–2017) å løyve 20,5 mill. kroner til oppføring av eit nytt, felles bygg i Ny-Ålesund, i tråd med føringane i svalbardmeldinga. Klimaendringane og rask opptining av permafosten påfører administrasjons- og servicebygget i Ny-Ålesund skadar. Regjeringa føreslo difor i samband med revidert nasjonalbudsjett 2017 å løyve 12 mill. kroner til Kings Bay til reparasjon av dette bygget. Stortingen slutta seg til forslaga.

Klima- og miljødepartementet endra 20. desember 2016 forskrift om motorferdsel på Svalbard. Området der tilreisande kan køyre snøskuter når dei deltek i organiserte turopplegg eller er i følge med fastbuande, blei utvida. Bakgrunnen er at mindre fjordis på Tempelfjorden og Billefjorden har medført eit behov både for å skjerme dyrelivet mot motorferdsel på fjordisen, og eit behov frå reiselivets side for ei alternativ rute til Pyramiden når fjordisen er uthygg. Ved å opne for ei alternativ rute over bresystema, tek ein vare på både reiselivsnæringas behov for å kunne gjennomføre turar til Pyramiden og behovet for å unngå forstyrring av isbjørn og sel i ei sårbar tid på året.

### Tiltak

Miljøvernarbeidet vil i 2018 ha fokus på å beskytte villmarksområda på Svalbard i ein situasjon der både klimaet, ferdsel og anna aktivitet er i endring. Forvaltinga vil sjå til at lokal verksemd skjer innanfor rammer som sikrar at den samla miljøbelastninga ikkje blir for stor. Samstundes vil forvaltinga av Svalbards natur- og kulturminne ta omsyn til at både samfunna og miljøet på Svalbard er i endring, og leggje til rette for nødvendig omsättling og vidareutvikling i samsvar med dei måla som er sette i Meld. St. 32 (2015–2016) *Svalbard*.

Naturverdiar og kulturminne som ligg nær lokalsamfunna og som er viktige for reiselivet og lokalbefolkinga, skal sikrast. Miljøstyresmaktene skal arbeide vidare med å få på plass ein heilsakleg forvaltingsplan for området rundt Isfjorden, mellom anna for å leggje betre til rette for reiselivet innanfor forvaltningsområde 10. Prosessen knytt til etablering av næringshytter vil også halde fram.

Det er viktig å ta omsyn til natur- og kulturminne innafor planområda i dei ulike planprosesane. Areal- og samfunnsplanlegginga i planområda må ta større omsyn til klimaendringane.

Den strenge praksisen når det gjeld løyve og vilkår for verksemd som medfører inngrep utanfor dei eksisterande busetnings- og gruveområda, vil bli ført vidare. Miljøstyresmaktene vil utarbeide ein plan for gjennomføring av mogleg vern av våtmarksområda i nedre Adventdalen.

Lokale forureiningskjelder som avfall og avløp skal følgjast opp for å redusere lokale utslepp. Det vil bli sett i verk tiltak nasjonalt og internasjonalt for å få på plass tiltak mot forsøpling av havet. Sysselmannen og Miljødirektoratet har også starta ein gjennomgang av regelverket for avfallshandtering på Svalbard.

Sysselmannen vil prioritere å følgje opp arbeidet med dei industrielle kulturminna som til dømes dei freda taubane- og uteanlegg til gruve i Longyearbyen, i tillegg til arbeidet med å sikre viktige, erosjonsutsatte kulturminne.

Arbeidet med å styrke norsk vertskap og koordinering av forskingsverksemada i Ny-Ålesund vil halde fram.

### Svalbards miljøvernfon

Svalbards miljøvernfon gir tilskot til tiltak for å beskytte naturmiljø og kulturminner på heile øygruppa. Fondet får i hovudsak inntekter frå ei miljøavgift på 150 kroner for reisande til Svalbard. Sysselmannen på Svalbard er sekretariat for fon-

det. Vedtak om tildelingar blir fatta av eit styre oppnemnt av Klima- og miljødepartementet. Midlane blir nytta til skjøtsel, vedlikehald av kulturminne, informasjons- og opplæringstiltak og prosjekt med formål å undersøkje eller gjenreise miljøtilstanden. Over ein periode på ti år har fondet gitt støtte til 540 prosjekt med ein samla sum på 119 mill. kroner. I 2016 vart det tildelt 15 mill. kronar. Oversikt over tildelingar er å finne på nettsidene til Sysselmannen.

#### Norsk Polarinstitutt

Norsk Polarinstitutt er underlagt Klima- og miljødepartementet. Instituttet har ei omfattande verksamd på Svalbard, med mellom anna forsking, miljøovervaking, topografisk og geologisk kartlegging, forskningsservice, drift av forskingsstasjonar, oppdrag knytte til ettersyn av fyr, miljøretta kunnskapsformidling og informasjon. For 2018 er om lag 101,4 mill. kroner av løyvinga til Norsk Polarinstitutt på Klima- og miljødepartementets kap. 1471 *Norsk Polarinstitutt*, relatert til Svalbard, jf. vedlegg I. I tillegg kjem tilskotet frå svalbardbudsjettet, jf. omtale av kap. 0017.

Norsk Polarinstitutt er fagleg rådgivar for den sentrale forvaltninga, miljødirektorata og Sysselmannen i polarspørsmål. Instituttet skal skaffe og leggje til rette miljøfagleg kunnskap som grunnlag for vidare utvikling av verkemiddel og tiltak i miljøvernforvaltinga på Svalbard.

Norsk Polarinstitutt produserer fortløpende nye og oppdaterte digitale kart basert på flybilete. Dei nye karta gjer mellom anna redningsaksjonar sikrare og meir effektive. I tillegg mogleggjer karta betre overvaking av brear, noko som er eit viktig bidrag til norsk klimaforsking.

Norsk Polarinstitutt vil få ansvar for implementering og oppfølging av forskingsstrategien for Ny-Ålesund, jf. omtale under Kunnskapsdepartementet.

Sjå omtale i Prop. 1 S (2017–2018) for Klima- og miljødepartementet for ytterlegare informasjon om Norsk Polarinstitutt.

#### Kings Bay AS og Ny-Ålesund

Kings Bay AS eig grunnen og dei fleste bygningane i Ny-Ålesund og har ansvaret for drift og utvikling av infrastrukturen på staden. Selskapet er 100 pst. eigd av staten. Klima- og miljødepartementet utøver statens eigarinteresser. Målet med den statlege eigarskapen er å syte for at Ny-Ålesund blir utvikla vidare som eit norsk senter for

internasjonal arktisk naturvitenskapleg forsking. Per 31. desember 2016 var det engasjert 25 personar i Kings Bay AS. Selskapet sitt driftskonsept er å leige ut fasilitetar til forskarar og tilby kost og losji i tillegg til ei rekke andre tenester under opphaldet. Rundt 20 institusjonar har kvart år forskingsprosjekt i Ny-Ålesund.

Regjeringa foreslår å løyve 21,6 mill. kroner til drift og investeringar i Kings Bay AS i 2018 på kap. 1473, post 70. Sjå omtale i Prop. 1 S (2017–2018) for Klima- og miljødepartementet for ytterlegare informasjon om Kings Bay AS.

Regjeringa har i Meld. St. 32 S (2015–2016) slått fast at det vil bli utarbeidd ein forskingsstrategi for Ny-Ålesund som mellom anna skal gi føringar for utviklinga av infrastrukturen. Strategien er eit ledd i at regjeringa ønskjer å styrke norsk vertskap i Ny-Ålesund, og sikre at ein nyttar dei unike, men avgrensa goda som Ny-Ålesund byr på meir effektivt og legg betre til rette for samarbeid.

#### Meteorologiske tenester

Klima- og miljødepartementet finansierer frå 1. januar 2018 drifta av dei meteorologiske stasjonane på Bjørnøya og Hopen på budsjettet til Meteorologisk institutt (kap. 1412, post 50). Ansvaret ligg hos Kunnskapsdepartementet fram til 31. desember 2017. Utgifter til Meteorologisk institutt sin del av husleige for statens bygningar på Bjørnøya og Hopen blir finansiert på kap. 0019 på svalbardbudsjettet.

## 4.2 Nærings- og fiskeridepartementet

#### Aktivitet og omstilling på Svalbard

Historisk har koldrifta i lang tid vore kjerneaktivitet og drivkraft i den lokale økonomien på Svalbard. Longyearbyen har dei siste 20 åra fått eit vesentleg meir variert næringsliv. Den største aktiviteten på Svalbard i dag er knytt til bergverksdrift, forsking, undervisning, romrelatert verksamd, reiseliv og offentleg verksamd. Regjeringa vil, for å støtte opp om den vidare utviklinga av longyearbysamfunnet, leggje til rette for aktivitet og omstilling innan eksisterande og nye næringar.

#### Store Norske Spitsbergen Kulkompani (SNSK)

Utanriks- og forsvarskomiteen skreiv i Innst. 88 S (2016–2017):

*«Komiteen mener det er viktig med en avklaring av selskapets retning og strategi fremover, både når det gjelder gruvedrift, boligutvikling, infrastruktur og eventuelle nye forretningsområder. Komiteen ber regjeringen komme tilbake til Stortinget på egnet måte med en sak om SNSK og der ta stilling til eventuelt endret formål og kategorisering av eierskapet.»*

Merknaden blir kvittert ut i budsjettproposisjonen til Nærings- og fiskeridepartementet.

Nærings- og fiskeridepartementet legg opp til at Store Norske-konsernets framtidige hovedverksemeld skal vere gruveverksemda i Gruve 7. Som det går fram av Prop. 52 S (2015–2016) antar ein at vidare drift i Gruve 7 vil vere forretningsmessig ulønnsam. Det blei derfor, av omsyn til m.a. sys-selsetting i Longyearbyen og leveranse av kol til kraftverket, løvda midlar for å kunne vidareføre verksemda i Gruve 7. Det vart samstundes lagt til rette for at drifta i Gruve 7 kunne utvidast til to skift.

Nærings- og fiskeridepartementet vil vurdere nærmare framtidig utvikling av bustadverksemda til Store Norske-konsernet, herunder også andre organiséringsmodellar som tar hand om svalbardpolitiske omsyn.

Dagens øvrige verksemd som logistikkverksemd og turistverksemd kan vidareførast dersom det kan gjerast på forretningsmessig grunnlag og er i tråd med svalbardpolitiske omsyn. Regjeringa legg til grunn at aktiviteten ut over gruve-drifta ikkje vert utvida.

#### Svea/Lunckefjell

Store Norske Spitsbergen Kulkompani sitt dotterselskap Store Norske Spitsbergen Grubekompani AS (SNSG) har hatt store økonomiske utfordringer. Årsaken er reduksjon i kolprisane dei siste åra, kombinert med store tap på valutasikringsavtaler og krevjande marknadsutsikter for kol. Konsernet har difor fleire gonger dei siste åra fått tilført kapital, gjennom løyingar frå staten.

Regjeringa foreslo i Prop. 1 S (2016–2017) at det blei løvd 144 mill. kroner for gjennomføring av driftskvile i Svea/Lunckefjell i 2017. Stortinget sluttar seg til forslaget, jf. Innst. 8 S (2016–2017).

Regjeringa foreslår no at gruveverksemda i Svea/Lunckefjell blir avvikla og at opprydding blir sett i gang. Infrastrukturen i Svea blir skalert ned til eit minimum og det er ikkje aktuelt å leggje til rette for bruk av Svea til anna aktivitet når oppryddinga er gjennomført. Dette utelukkar ikkje at enkelte gjenverande «kalde bygg» kan stillast til disposi-

sjon for reiseliv eller forsking på linje med forlatte bygg andre stadar på øygruppa. Regjeringa foreslår difor i fagproposisjonen for Nærings- og fiskeridepartementet at det i 2018 blir løvd 141 mill. kroner til opprydding i Svea/Lunckefjell (kap. 900, post 31) og 43 mill. kroner til dekning av pensjonsplikter knytte til gruveverksemd (kap. 950, post 95) og tapsavsetning på kap. 950, post 51. Regjeringa foreslår i tillegg at Nærings- og fiskeridepartementet i 2018 kan pådra staten forpliktingar ut over budsjettåret for inntil 500 mill. kroner til gjennomføring av miljøtiltak i Svea og Lunckefjell.

For ytterlegare omtale av Store Norske og Lunckefjell/Svea, viser ein til budsjettproposisjonen til Nærings- og fiskeridepartementet.

#### *Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard*

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) administrerer Bergverksordninga for Svalbard, jf. kgl. res. 7. august 1925 med heimel i Svalbardtraktaten, og utfyllande reglar for petroleumsverksemda. Desse reglane regulerer tilgangen til mineralressursane på Svalbard. DMF har, etter *forskrift 28. juni 2002 nr. 650 om konsekvensutgreiing og avgrensing av planområda på Svalbard* ei viktig rolle i samband med konsekvensutgreiingar i saker som gjeld bergverks- og gruvedrift. I slike saker skal DMF, i samråd med Sysselmannen, fastsetje utgreiingsprogram og sluttdokument. Forskrifta er fastsett med heimel i svalbardmiljølova.

DMF tildeler utmål og gir råd, rettleiing og oversikt over funn og førekomstar av geologisk art på Svalbard, og har tilsyn med opningar etter nedlagte gruver. Følgjande verksemidsidé er utarbeidd for DMF:

«Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard skal arbeide for at Noregs mineralressursar blir forvalta og utnytta til beste for samfunnet.

Ut frå denne verksemidsideen er det fastsett følgjande hovedmål:

1. DMF skal bruke sine verkemiddel overfor mineralnæringen slik at forvaltninga av mineralressursar er forsvarleg og berekraftig.
2. DMF skal arbeide for størst mogleg samla verdiskaping i mineralnæringa.
3. DMF skal arbeide for best mogleg kommunikasjon og brukarorientering på alle sine verksemdsområde.

4. DMF skal redusere miljøkonsekvensar av tidlegare mineralverksemnd og syte for forsvarleg sikring etter slik verksemnd.
5. DMF skal syte for forsvarleg og berekraftig forvaltning av mineralressursar på Svalbard»

Dei viktigaste oppgåvene til DMF er saksbehandling og tilsyn. DMF vil informere om miljøregelverket og sjå til at undersøkingar og uttak av mineral blir gjennomførte slik at også ressurs- og miljøaspekt blir tekne vare på. Det blir elles vist til nærmere omtale av DMF på kap. 906 Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard i Nærings- og fiskeridepartementet sin Prop. 1 S (2017–2018).

#### *Visit Svalbard AS*

Regjeringa foreslår å løyve 2,25 mill. kroner til Visit Svalbard AS på Nærings- og fiskeridepartements budsjett, kap. 900, post 74.

Visit Svalbard AS er eigmद og opererer på bakgrunn av handlingsplanar vedtekne av Svalbard Reiselivsråd, som er ei samanslutning av eit breitt spekter av aktørar med interesser knytte til reiselivet på Svalbard. Målet med tilskotet til Visit Svalbard AS er å medverke til auka verdiskaping og betre lønsemd for reiselivet ved å informere, profilere og marknadsføre Svalbard som reisemål. For omtale av turisme sjå pkt. 2.2.3.

#### *Romverksemnd*

Svalbard har ei sentral rolle innan norsk romverksemnd. Svalbard si geografiske plassering er god både for utforsking av atmosfæren og nedlesing av satellittdata. Plasseringa er òg årsaka til at EU har valt å plassere sentral bakkeinfrastruktur for satellittnavigasjonsprogrammet Galileo og jordobservasjonsprogrammet Copernicus ved Svalbard Satellittstasjon (SvalSat). Noreg deltek i begge dei store romprogramma i EU, noko som er med på å gi gode navigasjonstenester i nordområda. Delta-kinga medverkar til å støtte opp under berekraftig ressursforvaltning, tryggleik og beredskap, klima og miljø. Regjeringa foreslår å løyve 355,1 mill. kroner til norsk deltaking i EUs romprogram i 2018.

#### *Svalbard Satellittstasjon*

Svalbard Satellittstasjon (SvalSat) vart offisielt innvigd i juni 1999. Kongsberg Satellite Services

AS, som er eigd 50 pst. av Staten gjennom Space Norway AS og 50 pst. av Kongsberg Defence & Aerospace AS, eig infrastrukturen og står for drifta av SvalSat og Tromsø Satellittstasjon.

Stasjonen ligg i nærleiken av Longyearbyen. SvalSat les ned data for sivile føremål frå satellittar i polare baner og styrer også desse satellittane. Svalbard er ein av få stader i verda der ein kan lese ned data frå satellittar i polar bane kvar gong satellitten passerer Nordpolen.

#### *Svalbard Raketttskytefelt*

Svalbard Raketttskytefelt (SvalRak) i Ny-Ålesund vart oppretta i 1997. Infrastrukturen på SvalRak er eigd av Andøya Space Center A/S, som igjen er eigd av Nærings- og fiskeridepartementet (90 pst.) og Kongsberg Gruppen (10 pst.). Føremålet med SvalRak er oppskyting av forskingsrakettar. Lokaliseringa nær den magnetiske nordpolen gir målingane frå rakettane resultat av stor vitskapleg verdi. Det er utført fleire oppskytingar.

#### *Fiskeri og marine ressursar*

Stortinget vedtok 5. april 2016 oppmodingsvedtak nr. 568:

*«Stortinget ber regjeringen komme med forslag i den kommende Svalbard-meldingen til hvordan økt fiskeri og annen høsting av marine ressurser kan gi positive ringvirkninger for Svalbard.»*

Oppmodingsvedtaket er overført til Nærings- og fiskeridepartementet og er under handsaming. Regjeringa vil komme tilbake til oppmodingsvedtaket i samband med revidert nasjonalbudsjett 2018.

### **4.3 Kunnskapsdepartementet**

#### *Universitetssenteret på Svalbard*

Universitetssenteret på Svalbard AS (UNIS) er ein viktig del av nordområdesatsinga, som gjeld Svalbard generelt og særleg Longyearbyen. Senteret er eit statleg eigd aksjeselskap. Senteret medverkar òg til å skape eit stabilt, heilårleg samfunn i Longyearbyen, med fastbuande studentar og forskarar.

Regjeringa foreslår å løyve 132,3 mill. kroner til UNIS i 2018 på budsjettet til Kunnskapsdepartementet.

Tabell 4.1 UNIS, utvikling av budsjettildeling, talet på tilsette og studentar

	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Tildeling (mill. kroner)	97,2	105,2	112,2	117,9	125,4	124,4
Tilsette (i parentes, tilsette i mindre stillingsbrøkar)	69 (28)	84 (28)	99 (34)	106 (38)	110 (43)	113 (50)
Studentar (årsverk)	150	160	175	190	203	214

UNIS tilbyr høgre utdanning og driv forsking med utgangspunkt i at Svalbard ligg i eit høgarktisk område. UNIS skal vere eit supplement til lærestadene på fastlandet. UNIS har utvikla kvalitetssikringssystem som skal sikre at utdanningsaktiviteten lever opp til krav sett av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT). UNIS tilbyr forskings- og feltbasert undervisning og eit læringsmiljø prega av stor samhandling mellom studentar og tilsette.

UNIS har som mål å vere ein trygg og kjent samarbeidspartner for både den einskilde studenten og dei norske universiteta og høgskulane. Studia ved UNIS skal ha ein internasjonal profil, og det er eit mål at studentmassen fordeler seg om lag likt på norske og utanlandske studentar. UNIS skal utøve forsking og undervisning med minst mogeleg negativ påverknad på miljøet. Senteret spelar òg ei sentral rolle i vidareføring av den norske polarforskingstradisjonen, i utviklinga av Svalbard som forskingsplattform og i å representera og sikre norske interesser i Arktis.

UNIS kjøpte i 2016 56 pst. av varer og tenester lokalt i Longyearbyen.

#### *Bygging av studentbustader*

Tilsegn om tilskot til bygging av studentbustader på Svalbard vil i 2018 bli gitt med dobbel tilsegnsats, det vil seie 600 000 kroner pr. hybelining. Årsaka til dette er ekstraordinært høge kostnader ved oppføring og drift av bygg på Svalbard. Kunnskapsdepartementet tar siktet på å gi tilsegn om tilskott på 62,5 hybeliningar innanfor årets budsjetttramme, slik at dagens studentbustader i det rasutsette området i Nybyen på Svalbard kan bli erstatta med studentbustader i eit trygt område.

#### *Noregs forskingsråd*

Polarforskinga spenner vidt og omfattar ulike fagdisiplinar. I underkant av 20 pst. av norsk polarforsking (ca. 330 mill. kroner i 2016) vert finansiert gjennom ulike generelle verkemiddel og handlingsretta program i Forskningsrådet. Av dette er om lag 40 prosent svalbardrelevant forsking. Polarforskinsprogrammet (POLAR-PROG) får målretta midlar til polarforsking frå Kunnskapsdepartementet (vel 60 mill. kroner) og Klima- og miljødepartementet (3,2 mill. kroner). Om lag halvdelen av prosjekta i POLAR-PROG er svalbardrelevante. Nivået vil bli vidareført i 2018.

Noregs forskingsråd har eit særskilt ansvar for koordinering av og informasjon om forskningsverksamhet på øygruppa. Svalbard Science Forum (SSF) er eit samarbeidsorgan organisert av Forskningsrådet, der dei viktigaste forskingsmiljøa på Svalbard er medlemmer. SSF er eit viktig reiskap for fagleg og praktisk koordinering, informasjon og rådgiving for den internasjonale forskingsverksamheten på Svalbard og gir støtte til internasjonalt samarbeid på Svalbard.

Databasen *Research in Svalbard* (RiS) (<http://www.researchinsvalbard.no>), inneholder oversikt over norsk og utanlandske forskingsaktivitet på Svalbard og havområda rundt.

Regjeringa arbeider med ein strategi for forsking og høgare utdanning på Svalbard. Forskningsrådet har medverka med innspel og ein involverande prosess. Kunnskapsdepartementet har òg gitt Forskningsrådet i oppdrag å utvikle ein eigen forskingsstrategi for Ny-Ålesund når den overordna strategien ligg føre.

### Folkehøgskuleloven

Stortinget vedtok 14. februar 2017 følgjande oppmodingsvedtak: «*Stortinget ber regjeringen igangsette arbeidet med å foreslå endring i folkehøgskoleloven slik at det åpnes opp for å kunne drive folkehøgskole på Svalbard.*», jf. Innst. 178 S (2016–2017) og Dokument 8:20 S (2016–2017).

Kunnskapsdepartementet har følgt opp oppmodingsvedtaket. Kunnskapsdepartementet sende 7. september ut forslag om å endre folkehøgskulelova slik at den også gjeld på Svalbard, jf. forslag til ny § 1 a. Departementet foreslår samtidig å forskriftsfeste ein regel om at ein eventuell folkehøgskule på Svalbard maksimalt kan ha 10 pst. utanlandske statsborgarar som elevar. Høyringsfristen er 7. desember 2017.

### Svalbard Integrated Arctic Observing System (SIOS)

Alle institusjonar på Svalbard med infrastruktur for jordsystemforskning har gjennom eit forprosjekt arbeidd med å etablere grunnlag for Svalbard Integrated Arctic Earth Observing System (SIOS). Målet er eit breitt samarbeid for deling, koordinering, vidareutvikling og utnytting av relevant forskingsinfrastruktur. I 2014 var forprosjekta avslutta med ei samla tilråding frå konsortiet om etablering, oppgåver og organisering av SIOS. Forskningsrådet finansierer eit treårig interimsprosjekt ved UNIS og Norsk polarinstitutt for å førebu sentrale tenester som samarbeidet skal omfatte. Fleire norske og utanlandske forskingsinstitusjonar deltek i arbeidet. Midlar for perioden 2019–2021 vil bli dekka av dei ordinære rammene til Noregs forskningsråd. I 2016 vart SIOS AS etablert som eit datterselskap under UNIS for å fungere som juridisk eining for SIOS-samarbeidet. Partnarane i SIOS tek sikte på å signere ei juridisk ikkje-bindande avtale (MoU) i løpet av 2017.

### EISCAT

EISCAT er ein vitskapeleg internasjonal organisasjon som driv fire store radaranlegg for atmosfæreforsking mellom anna på nordlys. Radaranlegga er lokaliserte i Noreg, Sverige og Finland. Noregs forskningsråd dekkjer årleg kontingent til EISCAT på i underkant av 5 mill. kroner. Eiscat er eigd av forskningsråd og institutt i medlemslanda Finland, Kina, Noreg, Storbritannia, Sverige, og Tyskland.

EISCAT har gitt Universitetet i Tromsø i oppdrag å drive dei norske anlegga som ligg i Tromsø og på Svalbard.

### Barnehagar

Lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar (barnehagelova) gjeld ikkje for Svalbard. I praksis er det likevel intensjonane i barnehagelova som er styrande for drifta av barnehagane, og det er ingen vesentlege skilnader mellom drift av barnehagar i Longyearbyen og på fastlandet. Fylkesmannen i Troms gjennomfører synfaring og tilsyn med Longyearbyen lokalstyre som barnehagestyremakt.

Midlar til drift av barnehagar på Svalbard er innlemma i svalbardbudsjettets kap. 3 Tilskot til Longyearbyen lokalstyre.

## 4.4 Finansdepartementet

Skatt på Svalbard er regulert av ei eiga skattelov, svalbardskattelova. Svalbardskattelova gjer Svalbard skatteteknisk til eit eige skatteområde.

På Svalbard gjeld to former for skattlegging, lønstrek og ordinær skattlegging. Etter ordninga med lønstrek skal arbeidsgivaren halde tilbake ein prosentvis del av brutto løn og pensjon som endeleg skatteoppgjer. Anna inntekt enn løn og pensjon vert skattlagt på ordinært vis, etter mange av dei same reglane som gjeld på fastlandet, men med lågare satsar. På Svalbard blir løn og pensjon skattlagt etter ein sats på 8 pst. opp til 12G, og med 22 pst. for inntekt over 12G. I tillegg kjem trygdeavgift for tilsette som er medlem av den norske folketrygda. Anna inntekt som til dømes kapital- og næringsinntekt vert som utgangspunkt skattlagt med 16 pst.

Skattesystemet på Svalbard skal vere tilpassa forholda på øygruppa og byggjer på løysingar som sikrar konkurransedyktige rammevilkår.

Selskap med monaleg overskot som ikkje er avkastning av aktivitet eller investering på Svalbard, blir skattlagde etter same skattesats som gjeld på det norske fastlandet (23 pst.) for slike overskot. Føremålet er mellom anna å hindre at det gunstige skattenivået på Svalbard vert utnytta for å spare skatt på avkastning av investeringar som er gjort utanfor Svalbard og som ikkje gir aktivitet og sysselsetjing på øygruppa.

### Svalbard skattekontor

Løyvingane til skattekontoret går over svalbardbudsjettet, sjå omtale på kap. 0022 Skattekontoret, Svalbard.

Svalbard skattekontor har mellom anna følgjande oppgåver:

- utføre fastsetjing av skatt etter svalbardskatte-lova
- administrere register over befolkninga på Svalbard, jf. forskrift av 4. februar 1994 nr. 111.
- refusjon av avgifta for fastbuande ved innbeta ling til Svalbards miljøvernfon d, sjå omtale på pkt. 4.1.
- rekne ut kolavgift etter lov 17. juli 1925 nr. 2 om avgift av kol, jordoljer og andre mineral og bergarter som blir utførte frå Svalbard.

#### *Statistisk sentralbyrå*

Statistikklova omfattar Svalbard. Utarbeiding av god statistikk er viktig for å kunne gi regjeringa tilstrekkeleg oversikt over den raske utviklinga i svalbardsamfunnet. Statistisk sentralbyrå (SSB) har dei seinare åra prioritert ei styrking av svalbardstatistikken. SSB leiar statistikkarbeidet gjennom rådgivande utval for svalbardstatistikkk. Utvalet skal mellom anna hjelpe SSB med å kartleggje og grunngi dei enkelte brukargruppene sine behov for statistikk og analyse innan bestemte statistikkområde og gi råd om prioritering og om korleis resultata skal formidlast. Utvalet er breitt sett saman, med deltaking frå mellom anna departementa, Sysselmannen, Longyearbyen Lokalstyre og andre offentlege og private aktørar med verksamd på Svalbard.

Omfanget av offisiell svalbardstatistik har dei siste åra auka monaleg. All ny statistikk blir publisert på ei eiga temaside ([www.ssb.no/svalbard](http://www.ssb.no/svalbard)). Temaside blir oppdatert jamleg og brukarane får tilgang på eit breitt spekter av statistikk om svalbardsamfunnet frå denne sida. Formidlinga av svalbardstatistikken er òg styrkt ved opprettinga av publikasjonen «Dette er Svalbard».

## **4.5 Samferdselsdepartementet**

Posten Noreg AS utfører samfunnspålagte posttenester på Svalbard. Posten budsjetterer med at tenestene vil gå i balanse. Eit eventuelt underskot vil bli belasta over ei eventuell løyving til statleg kjøp av posttenester på Samferdselsdepartementets kap. 1370, post 70.

Avinor AS eig og driv Svalbard lufthamn. Avinor AS er eit aksjeselskap 100 pst. eigmeldt av staten. Svalbard lufthamn AS vart 1. juni 2016 etablert som eit heileigd datterselskap av Avinor AS.

Regjeringa foreslo i Meld. St. 33 (2016–2017) Nasjonal transportplan 2018–2029 å setje av 300

mill. kroner til utbetring av hamneinfrastrukturen i Longyearbyen hamn. Utbetringa er planlagd i første del av planperioden.

#### *Satellittforskrift*

Samferdselsdepartementet har fastsett ny forskrift om *etablering, drift og bruk av jordstasjon for satellitt på Svalbard*. Tilsvarande forskrift er fastsett for Antarktis. Forskriftene gjeld frå 1. mai 2017. Dei nye forskriftene regulerer bruken av jordstasjonar i polare område og legg til rette for samfunnsnyttig drift av desse stasjonane innanfor rammene av Noregs folkerettslege plikter.

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet skal føre tilsyn etter dei nye forskriftene.

## **4.6 Barne- og likestillingsdepartementet**

#### *Barnevernet*

Utgiftene til refusjon for barnevernsutgifter for Svalbard er i 2018 rekna til 2,5 mill. kroner på kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet, post 21 Spesielle driftsutgifter.

Barnevernstenesta på Svalbard er regulert av forskrift om lov om barnevernstenesta på Svalbard. Forskrifta regulerer m.a. fordelinga av ansvar og dekning av utgifter til barnevernstiltak overfor barn og unge som oppheld seg på Svalbard. Barnevernstenesta sine oppgåver etter barnevernslova blir utførte av Sysselmannen med mindre oppgåvane er delegerte til eit representativt folkevald organ, jf. § 3 i forskrifta. Barnevernstenesta sine oppgåver etter barnevernslova blir utførte av Longyearbyen lokalstyre for Longyearbyen planområde, jf. delegasjonsvedtak frå departementet av 21. desember 2001. Statleg regional barnevernstyremakt ved Bufetat region nord har ansvaret for å yte tenester til barn i samsvar med lova § 8-2.

Fylkesmannen i Troms skal føre tilsyn med barnevernstenesta på Svalbard og elles utføre dei oppgåvane som følger av barnevernslova § 2-3 tredje ledd. Staten gir refusjon for dekning av utgifter til barnevernstiltak som vert sett i verk på fastlandet, då barn ikkje kan plasserast utanfor heimen på Svalbard. Barn som må i institusjon eller fosterheim blir plasserte på fastlandet. Lokalstyret må betale Bufetat for opphaldet, men får opphaldsutgifte nere refundert av Fylkesmannen i Troms.

### Barnetrygd

I 2018 er det venta at utgifter til barnetrygd for barn busette på Svalbard vil utgjere om lag 5,2 mill. kroner på kap. 845 Barnetrygd, post 70 Tilskot.

Barnetrygd blir utbetalt til personar som oppheld seg på Svalbard og som er medlem i folketrygda, jf. barnetrygdlova og folketrygdlova § 2-3. Det vart i 2016 utbetalt barnetrygd til om lag 400 barn busette på Svalbard.

### Kontantstønad

Kontantstøttelova gjeld for personar busette på Svalbard og som er medlem av den norske folketrygda. Alle barn på Svalbard som kvalifiserer til kontantstønad er forventa å ha heiltidslass i barnehage i 2018. Regjeringa foreslår difor ikkje å løyve midlar til kontantstøtte for barn busette på Svalbard i 2018.

## 4.7 Helse- og omsorgsdepartementet

Helse Nord RHF og Universitetssjukehuset i Nord-Noreg HF (UNN) har ansvar for helsetenestene og helseberedskapen på Svalbard. Dette inneber at Universitetssjukehuset Nord-Noreg HF ved Longyearbyen sjukehus, skal syte for naudsynte helsetenester til dei norske busetjingane på øygruppa. Det vert òg ytt akuttmedisinske tenester til andre som ferdast på øygruppa og havområda omkring. Det same gjeld vern mot smittsame sjukdommar. I Barentsburg er det eiga helseteneste. Longyearbyen sjukehus kan hjelpe til ved behov.

Longyearbyen sjukehus har akuttberedskap 24 timer i døgnet for akutte skadar og sjukdomar som krev observasjon, diagnostikk og behandling. I tillegg blir det utført poliklinisk utgreiing og behandling, og enkelte små og mellomstore kirurgiske inngrep. Sjukehuset har seks senger for innlegging og observasjon. Innleggingar blir vanlegvis avgrensa frå nokre timer eller dagar til ei uke slik at situasjonen enten blir avklart for utskriving eller at pasienten må overførast til sjukehus eller anna medisinsk tilbod på fastlandet.

Longyearbyen sjukehus yter òg nokre tenester som kan samanliknast med primærhelsetenesta på fastlandet, mellom anna allmennlegeteneste, jordmor- og helsesøstereneste og fysioterapiteneste og smittevern. Sjukehuset har òg tannlegesteneste. Sjukehuset kan gjennom avtale med verksemder tilby bedriftshelseteneste.

Svalbard er ikkje eit livsløpssamfunn. Det inneber mellom anna at Longyearbyen sjukehus ikkje har pleie- og omsorgsfunksjonar. Dei som har behov for slike tenester vil få desse i heimkommunen sin på fastlandet.

Det akuttmedisinske tilbodet på Svalbard består av medisinsk naudmeldeteneste, omgåande hjelp, ambulanseteneste, redning utanfor veg i samarbeid med frivillige, redningshelikopterteneste organisert via og i samarbeid med Sysselemannen og flyambulanse til fastlandet. Longyearbyen sjukehus har eit utstrekkt samarbeid med UNN om mellom anna videobasert akuttmedisinsk konferanse (VAKE) som gjer det mogleg med medisinsk konsultasjon og bistand mellom Longyearbyen sjukehus og UNN.

### Styrkt beredskap på Svalbard

I etterkant av skredulykka i 2015 og snøskuterulykka i 2017 har Universitetssjukehuset Nord-Noreg (UNN) og Helse Nord RHF gjort vurderingar for å styrke beredskapen på Svalbard. Løysinga blir å etablere vaktordning for anestesilege knytt til Sysselemannens helikopter, kombinert med å plassere meir medisinteknisk utstyr i Longyearbyen. Kostnadene ved å etablere vaktordninga med anestesilege er utrekna til 16 mill. kroner årleg. Eingongsutgiftene til utplassering av utstyr er utrekna til 1,6 mill. kroner. Beredskapen vil venteleg vere etablert ved årsskiftet 2017/2018.

Helse Nord har vurdert å stasjonere eit jetfly i Tromsø i vinterhalvåret for å styrke beredskapen i den årstida som er mest krevjande. Helse Nord har konkludert med at eit slikt tiltak vil gi liten aktivitet til høg kostnad. Helse Nord har difor valt å prioritere tiltak som vil gi styrkt beredskap på Svalbard og gi ei varig heilårsløysing. Ved å utplassere tungt medisinsk utstyr reduserer vi tidstap ved å transportere dette frå fastlandet i akutte situasjonar. Helse Nord vil samtidig framleis utgreie andre alternativ for raskare pasienttransport mellom Longyearbyen og fastlandet.

### Helselovgining

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD), Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) og Landbruks- og matdepartementet (LMD) fastsette 22. juni 2015 føresegns om at ei rekke helselover og -føresegner skal gjerast heilt eller delvis gjeldande for Svalbard og Jan Mayen. Føresegna tok til å gjelde frå 1. oktober 2015. Hovudformålet

med føresegna er å modernisere helselovgivinga for Svalbard og Jan Mayen og å leggje reguleringa tettare opp til fastlandslovgivinga. Føresegna inneber i stor grad ei kodifisering av allereie gjeldande praksis. Etter føresegna gjeld mellom anna helsepersonellova, helsetilsynslova, smittevernlova, helseberedskapslova og matlova heilt eller delvis for Svalbard. Fylkesmannen i Troms skal føre tilsyn med helsepersonell og helseteneste på Svalbard. Tilsyn etter matlova og kosmetikklova er lagt til Mattilsynet. Formålet med føresegna har ikkje vore å innføre nye typar tenester eller rettar.

#### *Regelverk for sal av øl*

I behandlinga av Svalbardmeldinga (Meld. St. 32 (2015–2016)) bad utanriks- og forsvarskomiteen om ein gjennomgang av regelverket for sal av øl på Svalbard, med utgangspunkt i avgrensingane for sal og skjenking av alkohol som inneheld over 7 volumprosent alkohol, jf. Inst. 88 S (2016–2017). Helse- og omsorgsdepartementet sendte ut eit høringsnotat 8. juni 2017, der det blir foreslått at volumprosentforbodet på Svalbard vert oppheva. Høyringsfristen var 31. august 2017.

#### *Stillingar*

Norsk Helsenett vil etablere inntil fem stillingar i Longyearbyen, jf. omtale under pkt. 2.2.3.

## **4.8 Kommunal- og moderniseringsdepartementet**

#### *Bygg og eigedomar*

Statsbygg forvaltar hovuddelen av dei statlege eigedomane i Longyearbyen. I 2016 blei sysselmannsgarden, post- og bankbygget, nokre lagerbygg og bustadane innlemma i staten si husleigeordning i statsbudsjettet på kap. 2445 Statsbygg. Dei andre eigedomane som frå før er innlemma i husleigeordninga, er Kjell Henriksen-observatoriet (nordlysobservatorium), Svalbard globale frøkvelv, Svalbard forskingspark, Sysselmannen sitt administrasjonsbygg og Svalbard kyrkje. Det same gjeld dei meteorologiske stasjonane på Hopen og Bjørnøya og Norsk Polarinstitutt sitt forskingsbygg (Sverdrupstasjonen) i Ny-Ålesund.

Statsbygg Svalbard har kontor i Longyearbyen. Løyvinga til drift av Statsbygg Svalbard skjer over svalbardbudsjettet, kap. 0020. Kontoret har fem tilsette.

Regjeringa foreslo i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2017 å løyve 28 mill. kroner til prosjektering og grunnarbeid til bygging av nye bustadar i regi av Statsbygg etter rasa i 2015 og 2017. Sjå omtale i pkt. 2.2.3.

Statens kartverk skal etablere eit nytt geodetisk jordobservatorium i Ny-Ålesund på Svalbard. Observatoriet skal romme geodetiske instrument som skal gjere nøyaktige tidsmålingar, målingar mot kvasarar og måle endringar i lokalt tyngdefelt og nøyaktig avstand til satellittar i polare baner. Observatoriet blir ferdigstilt og kan starte opp drifta i 2018.

## **4.9 Kulturdepartementet**

#### *Svalbard Museum*

Svalbard Museum er eit natur- og kulturhistorisk museum lokalisert i Svalbard forskingspark i Longyearbyen. Svalbard Museum er innlemma i det nasjonale museumsnettverket. I tillegg til løyvinga over svalbardbudsjettets kap. 0004 Svalbard Museum vert det tildelt midlar til Svalbard Museum på Kulturdepartementets kap. 328 post 70 Det nasjonale museumsnettverket. Svalbard Museum får i forslaget til statsbudsjett for 2018 ei løyving på 1,85 mill. kroner over Det nasjonale museumsnettverket, jf. Vedlegg 1.

I 2016 hadde Svalbard Museum 45 250 vitjingar, ein auke på 4 pst. frå 2015.

#### *Nordnorsk Kunstmuseum*

Nordnorsk Kunstmuseum opna Kunsthall Svalbard i Longyearbyen i 2015. Kunsthallen er lokalisert saman med Svalbard Museum.

#### *Stiftinga Artica Svalbard*

Kulturdepartementet skipa hausten 2016, i lag med Fritt Ord og kulturnæringsstiftinga SpareBank 1 Nord-Noreg, stiftinga Artica Svalbard. Føremålet med stiftinga er mellom anna å utvikle det norske kunst- og kulturfeltet, styrke den kulturelle og kreative næringa på Svalbard og setje soknjelys på kor viktige nordområda er. Våren 2017 vart det opna ein kunstnarverkstad og kunstnarbustader i Longyearbyen. I kjerneverksemda inngår residensprogram for kunstnarar innanfor alle sjangrar; desse skal skape og formidle kunst og medverke til ordslike om nordområda om tema som kultur, geopolitikk, klima, migrasjon og minoritetar. Artica Svalbard inngår i ein aktiv nordområdepolitikk, er eit ledd i satsinga frå regjeringa på

kulturturisme og ei oppfølging av Meld. St. 32 (2015–2016) Svalbard. Det vert lagt vekt på å knyte verksemda til lokalsamfunnet på Svalbard og å samarbeide om utviklinga vidare. Det er gjort framlegg om 2,555 mill. kroner i driftstilskot til stiftinga over Kulturdepartementets budsjett.

#### *Anna tilskot*

På Kulturdepartementets budsjett for 2018 er det sett av 165 000 kroner til kulturtiltak på Svalbard på kap. 325 Allmenne kulturformål, post 78 Ymse faste tiltak. Tilskotet blir kanalisiert gjennom Longyearbyen lokalstyre (LL).

Svalbardposten får mediestøtte fra Medietilsynet på kap. 335, post 71 etter reglane i forskrift om produksjonstilskot til nyhende- og aktualitetsmedium. Tilskotet blir rekna ut etter opplagstala til avisene, og tilskotet det enkelte år blir ikkje fastsett før oktober same året. Svalbardposten fekk 481 000 kroner i produksjonstilskot i 2016.

## **4.10 Olje- og energidepartement**

#### *Førebygging av flaum- og skredskadar*

Olje- og energidepartementet har det statlege forvaltningsansvaret for flaum og skred. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) kan gi fagleg og økonomisk bistand innan kartlegging, arealplanlegging, sikring, overvakning/varsling og beredskap. NVE må kvart år prioritere kva tiltak og kva område som kan få støtte innanfor gjeldande løvning. NVE sitt ansvarsområde på Svalbard var avklart som ei oppfølging av Meld. St. 15 (2011–2012) *Hvordan leve med farene — om flom og skred*.

NVE har fått på plass betre kartlegging av naturfarar i Longyearbyen. Ein ny rapport blei overlevert til Longyearbyen lokalstyre i desember 2016. Rapporten inneholdt detaljert kartlegging av skredfare i Longyearbyen planområde. Karta i rapporten viser at snøskred, sørpeskred, jord- og flaumskred er dei skredtypane som utgjer fare for busetjinga. Faresonekart viser at den øvre rekka av husa i Lia og Nybyen i tillegg til noko kritisk infrastruktur er innanfor 100-års faresone for skred. Det er til saman 154 bueiningar og to vandrarheimar som ligg innanfor 100-årsfaresona.

NVE støttar lokale myndigheiter med å vurdere kva sikringstiltak som kan vere aktuelle basert på kartleggingsrapporten. NVE samarbeider også med myndighetene på Svalbard om flaum- og sørpeskred i Longyearelva og Vannledningsdalen.

NVE oppretta på Svalbard i 2016 regional varsling for regionen Nordenskiöldland. NVE har i tillegg etablert ei lokal varsling for Longyearbyen. Ved fare for naturleg utløyste skred som kan true busetnaden i Longyearbyen, vil NVE gjere lokale tilleggsvurderingar av denne skredfaren spesielt. Desse vurderingane vil vere baserte på generelt vær- og skredvarsle, lokalt værvarsel, lokale skredobservasjonar og kunnskap om skredbaner i Longyeardalen.

Longyearbyen lokalstyre har i følgje beredskapsforskrifta ansvaret for tryggleiken til innbyggjarane i Longyearbyen. Når det blir varsle om naturleg utløyste skred, blir Longyearbyen lokalstyre kontakta for vurdering av oppfølgingstiltak. Oppfølging kan vere auka overvakning eller evakuering. Sysselmannen støttar ved behov Longyearbyen lokalstyre i å gjennomføre dette, i tillegg til å vedta og setje i verk eventuelt ferdsselsforbod.

For å gi innbyggjarane i Longyearbyen auka tryggleik for vinteren 2017/2018, planlegg NVE å føre vidare snøskredvarslinga på Svalbard i hovudtrekk slik den blei etablert i januar 2016. Regjeringa foreslår å vidareføre løvinga på 1 mill. kroner over NVE sitt budsjett for dette formålet. Longyearbyen lokalstyre skal etter planen overta denne lokale varslinga.

Regjeringa foreslo i samband med revidert nasjonalbudsjett i 2017 å løyve 20 mill. kroner til skredsikring til NVE/Longyearbyen lokalstyre. Stortinget sluttar seg til forslaget. Tiltaka vil beskytte attverande bustader rundt spisshusa som blei tekne av skredet i desember 2015. Tiltaka legg òg til rette for reetablering av busetnad i området som vart ramma av skredet. I 2017 blir det gjennomført detaljprosjektering og sikring mot sørpeskred. Det er utfordringar med permafrost, grunnforhold og fundamentering av sikringstiltak mot snøskred. Nye grunnundersøkingar må sluttforast før støtteforebygninga blir bygde. Ifølgje Noregs vassdrags- og energidirektorat blir desse sikringstiltaka difor sluttført i 2018.

#### *Utgreiling om framtidig energiforsyning*

I samband med behandlinga av Meld. St. 32 (2015–2016) *Svalbard* bad Stortinget Regjeringa om å setje i gang ei brei utgreiling av moglegitene for framtidig energiforsyning på Svalbard, basert på berekraftige og fornybare løysingar (jf. Innst. 88 S (2016–2017)).

Regjeringa legg til grunn at den framtidige energiforsyninga må gi ein forsvarleg forsyningstryggleik for busetjingane på Svalbard. Ener-

giløysinga som blir valt for området bør vidare vere berekraftig og kostnadseffektiv.

Olje- og energidepartementet vil setje i gang ei ekstern utgreiing av framtidig energiforsyning for Svalbard. Longyearbyen lokalstyre vil bli involvert i det vidare arbeidet. For ytterlegare omtale av utgreiinga, sjå Prop. 129 S (2016–2017).

#### **4.11 Landbruks- og matdepartementet**

Utanriks- og forsvarskomiteen skreiv i samband med handsaminga av svalbardmeldinga, jf. Innst. 88 S (2016–2017) at «*høringen påpekte behovet for å styrke dyrevelferden på Svalbard. Foreningen viste til at hovedutfordringen i dag er mangel på en stabil og forutsigbar tilgang på veterinærtjenester. Komiteen ber regjeringen vurdere om man kan finne en løsning på utfordringene knyttet til dyrevelferd og personalsituasjonen.*»

Etter dyrehelsepersonellova er det kommunane som skal syte for tilfredsstillande tenester frå dyrehelsepersonell. Svalbard er derimot ikkje omfatta av dyrehelsepersonellova.

Landbruksdirektoratet forvaltar tilskot til kommunale veterinærtenester på kap. 1142, post 60. Eit mindre beløp kan nyttast på Svalbard. Etter søknad frå Svalbard Vet AS vart selskapet i 2016 tildelt 220 000 kroner. Landbruks- og matdepartementet tildeler midlane som blir brukte på Sval-

bard. Landbruks- og matdepartementet legg opp til å vidareføre denne ordninga for Svalbard, innanfor eksisterande rammer.

#### *Frøkvelvet*

Landbruks- og matdepartementet driftar Svalbard globale frøkvelv. Frøkvelvet er bygd inn i permafrosten i fjellet på Svalbard. Frøkvelvet er verdas største sikkerheitslager for frø. Ni år etter at frølageret blei etablert, er meir enn 900 000 frøprøvar deponerte for langtidslagring. Dette er meir enn ein tredel av det mangfaldet av frø som i alt er lagra i alle verdas frøbankar, ifølgje FNs organisasjon for mat og landbruk (FAO). Den store internasjonale merksemda frøkvelvet har fått frå internasjonale medium og myndigheter i andre land, har medverka til å auke forståinga for kor viktig det er å ta vare på landbrukets biologiske mangfald, medverka til å auke det internasjonale medvitet om Svalbard og gitt besökande til Svalbard eit ekstra interessepunkt.

Statsbygg eig og forvaltar bygningane til frøkvelvet. Statsbygg er i ferd med tekniske utbetrinigar i samband med vassinntrenging i ytre del. Bakgrunnen er at permafrosten ikkje har etablert seg som planlagt.

Regjeringa foreslår å løyve 6,1 mill. kroner til drift av frøkvelvet på kap. 1139, post 71.

## 5 Oversikt over forslag til løyvingar på svalbardbudsjettet for 2018

Følgjande oversikt viser rekneskapstal for 2016, vedteke budsjett for 2017 og forslag til løyving

over svalbardbudsjettet for 2018. Inntektene er eksklusive tilskotet frå statsbudsjettet.

	(i 1 000 kr)		
	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
Utgifter	444 650	462 982	466 907
Inntekter	186 930	142 044	228 537

Utgifter på programkategori 06.80 fordelt på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
0001	Tilskot til Svalbard kyrkje	4 889	5 234	5 350	2,2
0003	Tilskot til Longyearbyen lokalstyre	168 405	153 506	150 190	-2,2
0004	Tilskot til Svalbard Museum	11 924	12 250	12 520	2,2
0005	Sysselmannen (jf. kap. 3005)	53 986	64 616	66 640	3,1
0006	Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 3006)	193 849	198 500	202 867	2,2
0007	Tilfeldige utgifter	1 745	1 400	1 100	-21,4
0009	Kulturminnetiltak (jf. kap. 3009)	1 937	1 975	2 020	2,3
0011	Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard	1 659	1 800	1 840	2,2
0017	Refusjon til Norsk Polarinstitutt	3 432	3 520	3 600	2,3
0018	Navigasjonsinnretningar	6 700	7 200	7 360	2,2
0019	Statens bygningar på Bjørnøya og Hopen	6 635	7 120	7 190	1,0
0020	Statsbygg, Svalbard (jf. kap. 3020)	3 831	2 061	2 110	2,4
0022	Skattekontoret, Svalbard (jf. kap. 3022)	3 757	3 800	4 120	8,4
Sum kategori 06.80		462 749	462 982	466 907	0,8

## Utgifter på programkategori 06.80 fordelt på postgrupper

Post-gr.	Nemning	Rekneskap		Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
		2016	Saldert budsjett 2017		
01-23	Driftsutgifter	272 238	285 097	294 147	3,2
30-49	Nybygg, anlegg m.v.	116	0	0	0
50-58	Overføringar til andre statsrekneskapar	3 432	3 520	3 600	2,4
70-89	Overføringar til private	186 963	172 390	169 160	-1,9
Sum under departementet		462 749	462 982	466 907	0,8

## Inntekter på programkategori 06.80 fordelte på kapittel

Post-gr.	Nemning	Rekneskap		Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
		2016	Saldert budsjett 2017		
3005	Sysselmannen (jf. kap. 0005)	5 330	2 900	3 300	13,8
3006	Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 0006)	1 199	0	0	-
3009	Kulturminnetiltak (jf. kap. 0009)	0	0	0	-
3020	Statsbygg Svalbard (jf. kap. 0020)	0	0	0	-
3022	Skattekontoret Svalbard (jf. kap. 0022)	295	280	330	17,9
3030	Skattar og avgifter	180 107	138 864	224 907	62,0
3035	Tilskot frå statsbudsjettet	276 138	320 938	238 370	-25,7
Sum kategori 06.80		463 069	462 982	466 907	0,8

*Del II*  
*Dei enkelte utgifts- og inntektskapitla*



**Kap. 0001 Tilskot til Svalbard kyrkje**

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
70	Tilskot til Svalbard kyrkje	4 889	5 234	5 350
	Sum kap. 0001	4 389	5 234	5 350

Svalbard kyrkje er eigmद av staten. Forslag til løyving skal mellom anna dekkje husleige for kyrkja, lønnsutgifter, vikarutgifter, varer og tenester som kyrkja står for i arbeidet sitt, drift av tenestebil, snøskuter og leige av helikopter. Statsbygg har forvaltningsansvaret for kyrkjebygninga. Drifts-

og vedlikehaldsutgiftene for kyrkjebygninga blir dekte på kap. 2445 Statsbygg. Ein viser elles til dei målformuleringane som er sette for løyvingane til Den norske kyrkja i Prop. 1 S (2017–2018) frå Kulturdepartementet.

**Kap. 0003 Tilskot til Longyearbyen lokalstyre**

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
70	Tilskot til Longyearbyen lokalstyre	168 405	153 506	150 190
	Sum kap. 0003	168 405	153 506	150 190

Løyvinga er ei prisjustert vidareføring av 2017-løyvinga og skal dekkje utgiftene til drift av og investeringar i lokalstyret si verksemnd. Løyvinga er redusert med 5 mill. kroner som statens del av kostnadane i samband med rehabiliteringa av energiverket (Stortinget vedtok i 2015 at kostnadane med rehabiliteringa i perioden 2015–2018 blir dekte som eit spleiselas der lokalstyret dekkjer 1/3 og staten 2/3 av kostnadane). Vidare er løyvinga redusert med 2 mill. kroner for bortfall av eingongsløyvinga til tiltak for omstilling i 2017 og 180 000 kroner grunna endringar i regelverket for kontanttilskot og auka makspris i barnehagar.

Longyearbyen Lokalstyre har gjennom mange år fått eit tilskot på kap. 7 på svalbardbudsjettet til å utarbeide ein årleg analyse av samfunns- og næringsutviklinga. Regjeringa foreslår at løyvinga frå 2018 gis direkte på kap. 3 med 150 000 kroner.

Etter forskrift 5. april 2000 nr. 347 om overskotsutdeling frå Nordpolet AS, skal nettooverskotet frå sal av alkoholhaldig drikk frå Nordpolet overførast til Longyearbyen lokalstyre, som fordeles midlane til velferdsformål. Lokalstyret fordelede i 2017 overskotet for 2016 som utgjorde 5,5 mill. kroner. Longyearbyen lokalstyre rapporterer til Sysselmannen om bruken av midlane.

**Kap. 0004 Tilskot til Svalbard museum**

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
70	Tilskot til Svalbard museum	11 924	12 250	12 520
	Sum kap. 0004	11 924	12 250	12 520

Løyvinga skal gå til dekning av husleige og andre bygningsmessige kostnader for Svalbard museum i Svalbard forskingspark. I tillegg til denne løy-

vinga vert det øg tildelt midlar til Svalbard museum på Kulturdepartementets kap. 328 post 70 Det nasjonale museumsnettverket.

### Kap. 0005 Sysselmannen (jf. kap. 3005)

Post	Nemning			(i 1 000 kr)
		Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	
01	Driftsutgifter	53 986	64 616	66 640
	Sum kap. 0005	53 986	64 616	66 640

Sysselmannen på Svalbard hadde 37 tilsette ved utgangen av 2016. Alle er tilsette i åremålsstillinger, med maksimalt åremål på seks år.

Løyvinga på kap. 0005 Sysselmannen skal dekke utgifter til løn og drift av sysselmannskontoret, under dette utgifter til vedlikehald og fornying av utstyrsparken, mellom anna terrenggående beltevogner, småbåtar, snøskuterar og utstyr for oljevernberedskap. Løyvinga er ei prisjustert vidareføring av 2017-løyvinga.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga med 475 000 kroner grunna heilårsverknad knytt til ei ny politistilling frå hausten 2017.

Sysselmannen disponerer store utstyrss- og transportressursar, mellom anna terrenggåande

beltevogner, småbåtar, snøskuterar og utstyr for oljevernberedskap. Dette er naudsynt for å kontrollere og halde oppsyn med den store øygruppa. Saman med helikopter og skip er utstyrsparken øg naudsynt for redningsberedskapen på øygruppa.

Justis- og beredskapsdepartementet ber Stortinget samtykkje i at departementet i 2018 kan bestille varer for inntil 3 mill. kroner utover løyvinga som er gitt på kap. 0005 post 01, jf. forslag til vedtak. Svalbardbudsjettet er i stor grad eit driftsbudsjett. Fullmakta er meint å dekkje Sysselmannens behov for større utstyrsvesteringar over budsjetterminane.

### Kap. 3005 Sysselmannen (jf. kap. 0005)

Post	Nemning				(i 1 000 kr)
		Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	
01	Diverse inntekter	1 768	200	300	
02	Refusjonar m.v.	3 561	2 700	3 000	
16	Refusjon av foreldrepengar	-	-	-	
18	Refusjon av sjukepengar	-	-	-	
	Sum kap. 3005	5 329	2 900	3 300	

Kapitlet korresponderer med kap. 0005 Sysselmannen. Inntektene på post 01 omfattar bøter, gebyr, inndragningar og inntekter ved auksjonar, sal av isbjørnskinn og reinsdyrkjøtt. Bøter blir kravde inn av Statens Innkrevjingssentral og inntektsførte under Sysselmannen. Sysselmannen

tek imot diverse refusjonar og får midlar stilte til disposisjon ved posteringsfullmakter. Det er foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 0005 post 01 tilsvarande inntekter utover vedteke budsjett på kap. 3005, post 02, jf. forslag til vedtak.

## Kap. 0006 Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 3006)

				(i 1 000 kr)
Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
01	Driftsutgifter	193 849	198 500	202 867
	Sum kap. 0006	193 849	198 500	202 867

Kapitlet dekkjer stasjonering og drift av to tenestehelikopter, utgifter til leige og drift av tenestefartøy og kjøp og drift av køyretøy (bandvogn, bilar, snøskuterar mv.) til vakt, beredskap og redning. Forslag til løyving er ei prisjustert vidareføring av 2017-løyvinga.

Avstandane på Svalbard er store. Det finst ikkje vegsamband eller offentlege kommunikasjonsmiddel for intern transport mellom busetjingane og elles på øygruppa. For å kunne utøve det oppsynet som er naudsynt for å handheve norsk suverenitet, er Sysselmannen heilt avhengig av både helikopter og skip. Desse transportmidla og bandvogn, bilar og snøskuterar er òg naudsynte for ei effektiv politi- og redningsteneste, og for ambulanse- og sjuketransport, òg utanfor Sval-

bards territorialfarvatn. Transportmidla blir dessutan nytta til naturoppsyn og førebyggjande arbeid mot miljøkriminalitet. Utan desse ressursane vil det ikkje vere mogleg å føre eit effektivt tilsyn med verneområde, kulturminne, jakt, ferdsel og turisme òg i dei fjerne delane av øygruppa.

Tenestefartøyet til Sysselmannen er ein sentral ressurs i rednings- og beredskapsamanheng ved mellom anna fare for skipsforlis, grunnstøytning, oljeutslepp, personskadar m.v. I tillegg er det heilt avgjerande i dei årlege inspeksjonane av øygruppa og generelt i Sysselmannens utøving av mynde på øygruppa. Det er særsviktig at helikopter og fartøy kan samverke på ein god måte. Sesongen til tenestefartøyet til Sysselmannen for 2018 skal vere ni månader.

## Kap. 3006 Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 0006)

				(i 1 000 kr)
Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
01	Leigeinntekter	0	0	0
02	Refusjonar	1 199	0	0
	Sum kap. 3006	1 199	0	0

Kapitlet korresponderer med kap. 0006 og viser venta inntekter og refusjonar ved uteleige av dei transportmidla Sysselmannen disponerer. Etter avtale med leverandørar av transporttenester, skal Sysselmannen ha inntektene/refusjonane der som desse transportmidla vert nytta av andre. Inntektene er frå uteleige til privat verksemde, mens refusjonar gjeld uteleige til andre statlege institusjonar.

For å skilje mellom inntekter og refusjonar er det ein post 01 Leigeinntekter og ein post 02 Refusjonar på kap. 3006. Det er foreslått å budsjetttere

med 0 i inntekter på post 01 Leigeinntekter. Posten er svært usikker då etterspørselet etter å leige helikopter frå dei andre statlege verksemndene når det minste helikopteret no er teke ut av teneste er monaleg mindre enn tidlegare. Det er vidare foreslått løyvd 0 kroner på post 02 Refusjonar, då desse varierer frå år til år og det er vanskeleg å gje eit presist overslag. Det er foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 0006, post 01 tilsvarande inntekter utover vedteke budsjett på kap. 3006, post 02, jf. forslag til vedtak.

**Kap. 0007 Tilfeldige utgifter**

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
70	Diverse tilskot	1 745	1 400	1 100
	Sum kap. 0007	1 745	1 400	1 100

Løyvinga under denne posten er disponert av Justis- og beredskapsdepartementet. Posten skal dekkje informasjonstiltak, støtte til ulike velferdsformål, utgreiingar, mindre prosjektkostnader og liknande, og til mindre, ikkje føresette utgifter.

Meirutgiftene Telenor har i samband med samfunnspålagte teletjenester på Svalbard, er dekte over denne posten.

Longyearbyen lokalstyre har gjennom mange år fått eit tilskot på kap. 7 på svalbardbudsjettet til å utarbeide ein årleg analyse av samfunns- og næringsutviklinga. Det er foreslått at løyvinga frå 2018 blir gitt direkte på kap. 3 (Tilskot til Longyearbyen lokalstyre) med 150 000 kroner.

**Kap. 0009 Kulturminnetiltak (jf. kap. 3009)**

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
01	Driftsutgifter	1 937	1 975	2 020
	Sum kap. 0009	1 937	1 975	2 020

Kulturminnevernet er ein del av eit samla miljøvern på Svalbard og skal samle og ta vare på kunniskap om kulturminne på øygruppa. I tillegg skal det tene til å verne, forvalte og halde ved like kulturminna i samsvar med forskrifter og vedtekne planar, og informere om Svalbards kulturhistorie.

Kulturminneplan for Svalbard 2013–2023 dannar grunnlaget for dei forvalningsstrategiane det er lagt vekt på i kulturminnevernet for Svalbard.

Arbeidet med undersøkingar i felt og registreringar held fram. I samsvar med kulturminneplanen blir det arbeidd med bygningsvern og med å avdekke nedbrytingsmekanismar for å utvikle metodar for istrandsetjing og vedlikehald. Det er òg viktig å føre vidare det haldningsskapande informasjonsarbeidet, mellom anna gjennom ein serie med informasjonshefte.

**Kap. 3009 Kulturminnetiltak (jf. kap. 0009)**

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
02	Refusjonar	0	0	0
	Sum kap. 3009	0	0	0

Det er foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 0009 post 01 tilsvarande inntekter utover ved-

teke budsjett på kap. 3009, post 01, jf. forslag til vedtak.

## Kap. 0011 Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
01	Driftsutgifter	1 659	1 800	1 840
	Sum kap. 0011	1 659	1 800	1 840

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard er underlagt Nærings- og fiskeridepartementet. Direktoratet har eige kontor og ei bergmeisterstilling på Svalbard. For 2018 vil direktoratet prioritere saksbehandling og til-

syn. Direktoratet vil informere om miljøregelverket og sjå til at undersøkingar og uttak av mineral blir gjennomførte slik at også ressurs- og miljøaspekt blir tekne vare på.

## Kap. 0017 Refusjon til Norsk Polarinstitutt

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
50	Refusjon	3 432	3 520	3 600
	Sum kap. 0017	3 432	3 520	3 600

Refusjonen til Norsk Polarinstitutt over Svalbard-budsjettet skal gi delvis dekning for oppgåver instituttet utfører på Svalbard for andre enn miljøforvaltninga. Dette omfattar topografisk kartleg-

ging, forvaltningsrådgiving overfor Sysselmannen og miljøretta kunnskapsformidling og informasjon. Sjå elles Klima- og miljødepartementets kap. 1471 for hovudløyvinga til Norsk Polarinstitutt.

## Kap. 0018 Navigasjonsinnretningar

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
01	Driftsutgifter	6 700	7 200	7 360
	Sum kap. 0018	6 700	7 200	7 360

Løyvinga skal dekkje utgifter til vedlikehald og naudsynte utskiftingar av navigasjonsinnretningar i farvatna ved Svalbard. Innretningane er etablerte for sjøtrafikk. Norsk Polarinstitutt utfører tenesta på oppdrag frå Kystverket, og så langt det

er praktisk mogeleg i kombinasjon med instituttet si ekspedisjonsverksemد på Svalbard. Løyvinga vil setje Kystverket i stand til i 2018 å vidareføre den naudsynte moderniseringa av navigasjonsinnretningane.

## Kap. 0019 Statens bygningar på Bjørnøya og Hopen

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
01	Driftsutgifter	6 635	7 120	7 190
	Sum kap. 0019	6 635	7 120	7 190

Kap. 0019 Statens bygningar på Bjørnøya og Hopen skal synleggjere utgiftene til husleige for statens bygningar på Bjørnøya og Hopen. Drifta

av dei meteorologiske stasjonane på øyane blir frå 1. januar 2018 finansiert av Klima- og miljødepartementet på budsjettet til Meteorologisk institutt.

## Kap. 0020 Statsbygg Svalbard (jf. kap. 3020)

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
01	Driftsutgifter	3 715	2 061	2 110
45	Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	116	0	0
	Sum kap. 0020	3 831	2 061	2 110

Statsbygg er underlagt Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Statsbygg har eit eige kontor med fem tilsette på Svalbard, som blir finansiert på svalbardbudsjettet.

Oversikt over utgifter som gjeld bygg og bustader på Svalbard, går fram av vedlegg 1.

### **Post 45 Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, kan overførast**

Som ein konsekvens av innlemminga i husleigordninga er løvinga på post 45 overførd til kap. 2445 Statsbygg frå og med 2017.

## **Post 01 Driftsutgifter**

Forslag til løying skal gå til lønns- og driftsmidlar for Statsbygg sitt kontor i Longyearbyen.

## Kap. 0022 Skattekontoret, Svalbard (jf. kap. 3022)

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
01	Driftsutgifter	3 757	3 800	4 120
	Sum kap. 0022	3 757	3 800	4 120

Skattekontoret er underlagt Finansdepartementet. Skattekontoret har eit eige kontor på Svalbard finansiert på Svalbardbudsjettet med fire tilsette.

Forslaget til løying skal gå til løns- (og arbeidsgjevars pensjonspremie til Statens pensjonskasse) og driftsmidlar for skattekontoret i

Longyearbyen. Løyvinga skal også dekkje utgifter til skatteklagenemnda for Svalbard, og utgifter til fagleg og administrativ bistand og oppfølging fra Skatt nord. Auka i forslaget til løyving skuldast i hovudsak at pensjonsutgifter skal medrekna.

Mål- og resultatstyring av skattekontoret skjer innafor det ordinære mål- og resultatstyringssystemet som til ei kvar tid er fastsett for likningsforvaltinga på Svalbard.

## Kap. 3022 Skattekontoret, Svalbard (jf. kap. 0022)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	(i 1 000 kr)	
			Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
01	Diverse inntekter	295	280	330
	Sum kap. 3022	295	280	330

Heile inntekta er avtalt refusjon frå Svalbard miljøvernfon for arbeidet skattekontoret utfører med rekneskaper for fondet. Det er foreslått at Finans-

departementet i 2018 kan overskride løyvinga på kap. 0022, post 01 mot tilsvarende inntekter utover vedteke budsjett på kap. 3022, post 01.

## Kap. 3030 Skattar og avgifter

Post	Nemning	Rekneskap 2016	(i 1 000 kr)	
			Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
70	Skattar m.m.	174 277	136 570	220 700
71	Utførselsavgift	4 738	1 250	3 200
72	Utmålsgebyr, årsavgift	1 092	1 044	1 007
	Sum kap. 3030	180 107	138 864	224 907

### Post 70 Skattar m.m.

Post 70 gir eit overslag over venta skatteinntekter frå Svalbard for 2018. Overslaget er basert på forventa fastsetjing for skatteåret 2017. Delar av venta auke skuldast venta skatteinntekt for forteneste av sal av ein større konkret eigedom på Svalbard.

mellom anna på grunn av nye prognosar for sal av kol.

### Post 71 Utførselsavgift

Utførselsavgift blir kravd inn i medhald av lov 17. juli 1925 nr. 2 om avgift av kol, jordoljer og andre mineral og bergarter som blir ført ut frå Svalbard. Inntektene frå utførselsavgifta er avhengig av utskipa kvantum kol og kolprisen på verdsmarknaden. Innbetalt koleksportavgift for 2016 var 4,7 mill. kroner. Grunna svært låge kolprisar og ein sterk nedgang i produksjonen var det budsjettert med ein nedgang i avgifta frå 2016 til 2017. Budsjettet inntekt er justert opp igjen for 2018

### Post 72 Utmålsgebyr, årsavgift

Utmål er eit avgrensa område der utmålshevaren for ein gitt periode har einerett til å utnytte geologiske ressursar. Inntektene under denne posten kjem frå avgift ved krav om og vidareføring av utmål som er nedfelt i Bergverksordninga. Årsavgifta for å føre vidare eit utmål er 6 000 kroner.

I 2016 var det 12 avgiftspliktige utmål som gjekk ut ved årsskiftet. Det vart ikkje tildelt nye utmål. Ved inngangen til 2017 er det vidareført 359 utmål, av desse er 198 avgiftspliktige.

Med bakgrunn i fredinga av delar av Svalbard i 2003 har Nærings- og fiskeridepartementet, i samråd med dei andre departementa dette vedkjem, redusert avgifta for utmål som ligg i verna

område. Det er ikkje rimeleg å krevje full avgift når vernet fører til at ein ikkje kan ha nokon aktivitet i utmåla. Utmålsavgifta er i slike høve sett til

1 500 kroner i året pr. utmål. Dette gjeld 43 utmål. Det er lagt til grunn at ingen avgiftspliktige utmål går ut i framlegget til budsjett for 2018.

### Kap. 3035 Tilskot frå statsbudsjettet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
70	Tilskot	276 122	320 938	238 370
	Sum kap. 3035	276 122	320 938	238 370

Dette inntektskapitlet svarer til det tilskotet som er foreslått løyvd på Justis- og beredskapsdepartementets budsjett kap. 480 svalbardbudsjettet

post 50 Tilskot. Løyvinga skal dekkje underskotet på svalbardbudsjettet.

Justis- og beredskapsdepartementet

tilrår:

I Prop. 1 S (2017–2018) om Svalbardbudsjettet for år 2018 blir dei forslag til vedtak førte opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om løyving av utgifter og inntekter for administrasjonen av Svalbard for budsjettermen 2018

I

Utgifter:

Kap.	Post	Svalbardbudsjettet	Per post	Sum kap.
			Kr.	Kr.
0001		Tilskot til Svalbard kyrkje		
	70	Tilskot til Svalbard kyrkje	5 350 000	5 350 000
0003		Tilskot til Longyearbyen lokalstyre		
	70	Tilskot til Longyearbyen lokalstyre	150 190 000	150 190 000
0004		Tilskot til Svalbard museum		
	70	Tilskot til Svalbard museum	12 520 000	12 520 000
0005		Sysselmannen (jf. kap. 3005)		
	01	Driftsutgifter	66 640 000	66 640 000
0006		Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 3006)		
	01	Driftsutgifter	202 867 000	202 867 000
0007		Tilfeldige utgifter		
	70	Diverse tilskot	1 100 000	1 100 000
0009		Kulturminnetiltak		
	01	Driftsutgifter	2 020 000	2 020 000
0011		Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard		
	01	Driftsutgifter	1 840 000	1 840 000
0017		Refusjon til Norsk Polarinstitutt		
	50	Refusjon	3 600 000	3 600 000
0018		Navigasjonsinnretninger		
	01	Driftsutgifter	7 360 000	7 360 000
0019		Statens bygninger på Bjørnøya og Hopen		
	01	Driftsutgifter	7 190 000	7 190 000
0020		Statsbygg, Svalbard (jf. kap. 3020)		
	01	Driftsutgifter	2 110 000	2 110 000

Kap.	Post	Svalbardbudsjettet	Per post	Sum kap.
	45	Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	0	0
0022		Skattekontoret, Svalbard		
	01	Driftsutgifter	4 120 000	4 120 000
		Sum Svalbardbudsjettet		
		Sum departementets utgifter	466 907 000	466 907 000

## Inntekter:

Kap.	Post	Svalbardbudsjettet	Per post	Sum kap.
			Kr.	Kr.
3005		Sysselmannen (jf. kap. 0005)		
	01	Diverse inntekter	300 000	300 000
	02	Refusjonar m.v.	3 000 000	3 000 000
3006		Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 0006)		
	01	Leigeinntekter	0	0
3009		Kulturminnetiltak (jf. kap. 0009)		
	01	Diverse inntekter	0	0
3020		Statsbygg Svalbard (jf. kap. 0020)		
	01	Diverse inntekter	0	0
3022		Skattekontoret, Svalbard (jf. kap. 0022)		
	01	Diverse inntekter	330 000	330 000
3030		Skattar og avgifter		
	70	Skattar m.m.	220 700 000	220 700 000
	71	Utførselsavgift	3 200 000	3 200 000
	72	Utmålsgebyr, årsavgift	1 007 000	1 007 000
3035		Tilskot frå statsbudsjettet		
	70	Tilskot	238 370	238 370
		Sum svalbardbudsjettet		
		Sum departementets inntekter	466 907	466 907

## Forslag

# til vedtak om formues- og inntektsskatt til Svalbard for inntektsåret 2018

## II

### § 1 Bruksområde for vedtaket

Dette vedtaket gjeld utskriving av skatt på formue og inntekt for inntektsåret 2018 etter føresegnene i lov 29. november 1996 nr. 68 om skatt til Svalbard. Vedtaket gjeld også som grunnlag for utskriving av forskot på skatt for inntektsåret 2018, jf. lov om skatt til Svalbard § 5-1.

### § 2 Skatt på formue

Skatt på formue blir utrekna etter desse satsane:

a) Personleg skattepliktig og dødsbu:

Det blir nytta same satsar og grensebeløp som Stortinget har vedteke skal gjelde på det norske fastlandet for formuesskatt til staten og kommunane (maksimumssats)

b) Selskap og samanslutning som nemnt i skattelova § 2-36 andre ledd, og som ikke er fritekne etter skattelova kapittel 2:

Det blir nytta same satsar og grensebeløp som Stortinget har vedteke skal gjelde på det norske fastlandet for formuesskatt til staten.

### § 3 Skatt på inntekt

Skatt på inntekt blir utrekna etter desse satsane:

a) Inntekt som blir skattlagt ved lønnstrekksatsen i svalbardskattelova § 3-2:

Låg sats: 8 pst.

Høg sats: 22 pst.

b) 23 pst. av den delen av selskapoverskot som er høgre enn 15 mill. kroner, og som overstiger summen av

- 10 gonger kostnadene til løn som blir skattlagt ved lønnstrekksatsen
- 0,20 gonger skattemessig verdi av anlegg, fast eide eiendom og annan realkapital som er på Svalbard ved utgangen av inntektsåret.

c) Anna inntekt: 16 pst.

Personlege skatteytarar skal ha eit frådrag i alminneleg inntekt som er omfatta av c. på 20 000 kroner.

### § 4 Avrundningsreglar

Ved utrekning av skatt skal formue og inntekt avrundast nedover til nærmeste heile krone.

### § 5 Normalrentesatsen for rimeleg lån i arbeidsforhold

Normalrentesatsen som nemnd i skattelova § 5-12 fjerde ledd, jf. svalbardskattelova §§ 3-1 og 3-2, skal vere den same som Stortinget har vedteke skal gjelde på det norske fastlandet.

### § 6 Aksjonær i utlandet

Skatt på utbytte m.v. etter skattelova § 10-13, jf. svalbardskattelova § 3-1, er fastsett til 20 pst.

### § 7 Inntekt etter svalbardskattelova § 6-3

For inntekt som blir skattlagt etter svalbardskattelova § 6-3, skal satsen vere 8 pst.

## **Forslag**

### **til vedtak om bestillingsfullmakt for budsjettermen 2018**

#### III

##### Bestillingsfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2018 kan bestille varer for inntil 3 mill. kroner ut over den totale løyvinga som er gitt på kap. 5, post 01 og kap. 6, post 01 på svalbardbudsjettet.

---

## **Forslag**

### **til vedtak om meirinntektsfullmakt for budsjettermen 2018**

#### IV

##### Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2018 kan overskride løyvinga på

1. kap. 5, post 01, tilsvarende inntekter utover vedteke budsjett på kap. 3005, post 02.
  2. kap. 6, post 01, tilsvarende inntekter utover vedteke budsjett på kap. 3006, post 02.
  3. kap. 9, post 01, tilsvarende inntekter utover vedteke budsjett på kap. 3009, post 01.
-

## Forslag

### til vedtak om meirinntektsfullmakt for budsjetterminen 2018

V

#### Meirinntektsfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2018 kan overskride løyvinga på kap. 22, post 01, tilsvarende inntekter utover vedteke budsjett på kap. 3022, post 01.

---

## Forslag

### til vedtak om avgift av kol som blir utført frå Svalbard for budsjetterminen 2018

VI

For budsjetterminen 2018 skal det svarast avgift til statskassen av kol som blir utført frå Svalbard, etter følgjande satsar:

- 1,0 pst. av verdien for dei første 100 000 tonna,
  - 0,9 pst. av verdien for dei neste 200 000 tonna,
  - 0,8 pst. av verdien for dei neste 300 000 tonna,
  - 0,7 pst. av verdien for dei neste 400 000 tonna,
  - 0,6 pst. av verdien for dei neste 500 000 tonna,
  - 0,5 pst. av verdien for dei neste 600 000 tonna,
  - 0,4 pst. av verdien for dei neste 700 000 tonna,
  - 0,3 pst. av verdien for dei neste 800 000 tonna,
  - 0,2 pst. av verdien for dei neste 900 000 tonna,
  - 0,1 pst. av verdien for dei neste 1 000 000 tonna.
-

**Vedlegg 1**

## **Oversikt over forslag til utgifter på Svalbard som blir dekte på statsbudsjettet for 2018<sup>1</sup>**

Kap.	Post				(1 000 kr)
		Rekneskap 2016	Saldet budsjett 2017	Forslag 2018	
<i>Kunnskapsdepartementet</i>					
280	71	Felles einingar – tilskot UNIS	125 360	128 870	132 349
285	52 og 53	Noregs forskingsråd	85 000	85 000	85 000
<i>Kulturdepartementet</i>					
325	78	Ymse faste tiltak – kulturtiltak på Svalbard	159	160	165
325	78	Ymse faste tiltak – Artica Svalbard	0	2 500	2 555
328	70	Det nasjonale museumsnettverket – Svalbard museum	1 780	1 810	1 850
335 <sup>2</sup>	71	Produksjonstilskot – Svalbardposten	481	Ikkje klart	Ikkje klart
<i>Justis- og beredskapsdepartementet</i>					
451	01	Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	281	84	110
<i>Kommunal- og moderniserings- departementet</i>					
578 <sup>3</sup>		Valdirektoratet	0	100	0
552 <sup>4</sup>	72	Nasjonale tiltak for regional utvikling	800	0	0
595	30	Statens kartverk – Geodetisk observatorium Ny Ålesund	49 876	27 675	25 770
2445	24	Eigedomar forvalta av Statsbygg på Svalbard	21 618	13 654	14 800
2441	30	Prosjektering grunnarbeid nye bustader Svalbard	0	28 000	0
<i>Arbeids- og sosialdepartementet</i>					
640	01	Arbeidstilsynet	463	410	410
<i>Helse- og omsorgsdepartementet</i>					
732 <sup>5</sup>	75	Tilskot Helse Nord RHF	34 605	35 071	51 912

Kap.	Post		(1 000 kr)		
			Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
<i>Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet</i>					
844 <sup>6</sup>	70	Kontantstønad	0	500	0
845 <sup>6</sup>	70	Barnetrygd	0	5 200	5 200
854 <sup>7</sup>	21	Tiltak i barne- og ungdomsvernet	3 126	2 450	2 516
<i>Nærings- og fiskeridepartementet</i>					
900	74	Tilskot Visit Svalbard AS	2 200	2 200	2 250
<i>Landbruks- og matdepartementet</i>					
1139	71	Svalbard globale frøkvelv	4 363	5 863	6 140
<i>Klima- og miljødepartementet</i>					
1400	21	Spesielle driftsutgifter	535	0	0
1410 <sup>8</sup>	51	Polarforskning og miljøovervaking	14 000	14 000	41 635
1412 <sup>9</sup>	50	Meteorologisk institutt, drift av stasjonane på Bjørnøya og Hopen	15 100	17 620	18 055
1420	21	Miljødirektoratet	1 267	1 232	1 250
1471 <sup>8</sup>	01	Norsk Polarinstitutt	96 084	99 446	101 435
1473 <sup>10</sup>	70	Kings Bay AS	21 135	53 635	21 642
1820	22	Flaum- og skredførebygging	0	20 000	0
		Sum	479 233	545 480	515 044

<sup>1</sup> Tabellen omfattar ikkje løyingar til Svea/Lunckefjell

<sup>2</sup> Beløpet på kap. 335 Produksjonstilskot, post 71 gjeld tilskot til Svalbardposten. Beløpet blir utrekna pr. oktober inneverande år med utgangspunkt i opplagstal.

<sup>3</sup> Midlane på kap. 579 er frå 2017 dekte på kap. 578.

<sup>4</sup> Tilsegn blir løyvd fortløpande.

<sup>5</sup> Longyearbyen sjukhus er ein del av Universitetssjukhuset i Nord-Noreg HF i Helse Nord RHF. Talet for 2018 er førebels ikkje kjent og er difor eit anslag.

<sup>6</sup> Det finst førebels ikkje korrekte rekneskapstal for 2016 (NAV).

<sup>7</sup> Samla estimerte refusjonar for barnevernsutgifter på Svalbard.

<sup>8</sup> Beløpet er eit anslag over ein del av ei større løying som gjeld tiltak på Svalbard.

<sup>9</sup> Løyvinga var i 2016 og 2017 på Kunnskapsdepartementets kap. 283.50.

<sup>10</sup> Klima- og miljødepartementet har overteke eigarskapen til Kings Bay AS frå NFD og det er i samband med dette oppretta eit eige kapitel på Klima- og miljødepartementets budsjett for tilskotet til Kings Bay AS.

**Vedlegg 2**

## **Oversikt over forslag til inntekter til Svalbard som inngår i statsbudsjettet for 2018**

Kap.	Post		(1 000 kr)		
			Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
<i>Kommunal- og moderniseringsdepartementet</i>					
2445 <sup>1</sup>	24	Eigedomar forvalta av Statsbygg på Svalbard	66 977	68 498	70 548
<i>Justis- og beredskapsdepartementet</i>					
3451	01	Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	153	154	150
<b>Sum</b>			<b>67 130</b>	<b>68 652</b>	<b>70 698</b>

<sup>1</sup> Husleige til Statsbygg i form av avkastning på kapital for bygninger som er innlemma i den statlige husleigeordninga.

---

**Vedlegg 3****Kart over Svalbard**

Figur 3.1 Kart over Svalbard



Tinging av publikasjonar

Offentlege institusjonar:

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

Internett: [www.publikasjoner.dep.no](http://www.publikasjoner.dep.no)

E-post: [publikasjonsbestilling@dss.dep.no](mailto:publikasjonsbestilling@dss.dep.no)

Telefon: 22 24 00 00

Privat sektor:

Internett: [www.fagbokforlaget.no/offpub](http://www.fagbokforlaget.no/offpub)

E-post: [offpub@fagbokforlaget.no](mailto:offpub@fagbokforlaget.no)

Telefon: 55 38 66 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på  
[www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

Trykk: 07 Xpress AS – 10/2017

